Mellom Fyresdal kommune (heretter kommunen) og Telemark kommunerevisjon IKS (heretter TKR) er det i dag inngått slik avtale:

I

TKR skal utføre lovpålagt revisjon for kommunen. Lovpålagt revisjon i denne avtalen avgrenses til det som følger av kommunelovens § 78 nr. 2: regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Regnskapsrevisjon:
Regnskapsrevisjon avgrenses til den revisjonsinnsats som etter revisors skjønn og vurdering er påkrevet for å avlegge revisjonsberetning for kommunens årsregnskap, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 3.

Kommunen skal føre, avlegge og dokumentere regnskapet i samsvar med bokføringsloven og kommuneloven, begge med tilhørende forskrifter og god kommunal regnskapsskikk.

Årsregnskapet med tilhørende dokumentasjon i samsvar med foregående avsnitt skal av kommunen avlegges senest 15. februar i året etter regnskapsåret. Nødvendige kontaktpersoner med kunnskap om regnskapet og regnskaps-dokumentasjonen skal være tilgjengelig for revisor i perioden for revisjonens utførelse.

Merarbeid som TKR påføres som følge av at kommunen ikke oppfyller nevnte forpliktelser blir fakturert som tillegg dersom merarbeidet går utover rammen som følger av denne avtales punkt II første kulepunkt.

Forvaltningsrevisjon:
Forvaltningsrevisjon utføres etter bestilling fra Kontrollutvalget, jf. Kontrollutvalgs-forskriften § 9. TKR skal utarbeide overordnet analyse og forslag til plan for forvaltningsrevisjon i samsvar med kontrollutvalgsforskriften § 10. Planen skal foreslå forvaltningsrevisjon innenfor den ressursramme som omfattes av det avtalte driftstilskudd for kommunen. Planen vedtas av kommunestyret, og kan endres i planperioden. Forvaltningsrevisjon utover ressursrammen i TKR's forslag til plan kan bestilles særskilt, og gjennomføres i henhold til egen oppdragsavtale som regulerer omfang og pris.

II

Det årlige driftstilskudd som kommunen er forpliktet til å betale, jfr. avtalens punkt IV, dekker/omfatter følgende:

- Regnskapsrevisjon av kommuneregnskapet slik det er beskrevet i avtalens punkt I annet avsnitt flg. samt at det gis en tilleggsressurs tilsvarende 15% av TKR's timeinnsats i regnskapsrevisjonen for kommunen.

- Forvaltningsrevisjon i henhold til særskilt utarbeidet plan for forvaltningsrevisjon. Planen for forvaltningsrevisjon forutsettes å ligge innenfor ressursrammen for kommunens driftstilskudd, jfr. avtalens punkt I sjette avsnitt.

III

Det årlige driftsinnskudd omfatter ikke revisjon av eventuelle:

- Særattestasjoner.
- Kommunale foretak.
- Kirkelige fellesråd.
- Stiftelser og legater forvaltet av kommunen.
- Selskapskontroller.
- Nye revisjoner eller attestasjoner som ikke naturlig defineres som regnskapsrevisjon av kommunens regnskap eller forvaltningsrevisjon.

Disse tjenestene faktureres særskilt i henhold til særskilt inngått avtale eller oppdragsfullmakt.

IV

Kommunen skal for 2015 betale et driftstilskudd på kr 352 800. For regnskapsåret 2015 omfatter dette tilskuddet også de revisjonsoppdragene som er nevnt i denne avtales punkt III med unntak av selskapskontroller som faktureres særskilt. Fra og med regnskapsåret 2016 vil disse oppdragene faktureres særskilt jf. punkt III, og det gis da en tilsvarende reduksjon i kommunens driftstilskudd.

Det avtalte tilskuddet for 2015 innebærer en økning i kommunens revisjonsutgifter med 5 % (inkludert deflator justering) i forhold til driftstilskudd betalt i 2014.

Driftstilskuddene for 2016 og 2017 vil bli deflatorregulert med et ytterligere påslag for å utligne ulikhetene i kommunenes driftstilskudd til TKR jf. Representantskapets fastsettelse av ny finansieringsmodell vedtatt i eiermøte 24. november 2014.

Fra og med regnskapsåret 2018 har TKR rett til å oppjustere driftstilskuddet i samsvar med den kommunale deflator som fastsettes i forbindelse med statsbudsjettet.

Kommunen skal innbetale driftstilskuddet forskuddsvis med like store beløp hvert kvartal.

V

Eiernes rett til uttreden fra TKR er regulert i selskapsavtalens § 24 datert 25. juni 2007. Oppsigelse må varsles av deltakeren minimum ett år før uttreden.

VI

Denne avtale trer i stedet for avtale av 3. desember 2003.

Avtalen kan hvert år kreves reforhandlet av hver av partene. Hvis reforhandling ikke er krevet innen 1. oktober året forut for regnskapsåret, er denne avtale gjeldende for det aktuelle regnskapsåret.

VII

Denne avtale i to eksemplarer, ett til hver av partene.

Fyresdal/Skien, den 19. desember 2014

for Fyresdal kommune

for Telemark kommunerevisjon IKS

Fyresdal kommune

Arkiv: 601
Saksmappe: 2017/1256-1
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 20.09.2017

Saksframlegg

Innkjøp og vidare samarbeid

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	32/17	28.09.2017
Hovudutval for plan og miljø	34/17	17.10.2017
Kommunestyret	37/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:
1 Innkjøp 2017 - oversikt

Bakgrunn for saka:
Kommunane i Midt- og Vest-Telemark har, saman med Hjartdal og Drangedal, i ei periode på over 20 år hatt eit innkjøpssamarbeid på vare- og tenesteområdet. Talet på deltakarkommunar har variert over tid, og er i skrivande stund Bø, Sauherad, Nome, Nissedal, Kviteseid og Vinje. Sekretariatsfunksjonen har dei siste dryge 10 åra vore lagt til Vest-Telemark næringsutvikling (VTNU) v/bedriftsrådgjevar Svein Henriksen. Dei seinare åra har storparten av innkjøpa vore kanalisert gjennom BTV Innkjøp, der Tokke, Seljord og Fyresdal har hatt direkte medlemskap. Gjennom BTV har kommunane tilgang til ca 40 ulike avtaleområde.
I samband med at talet på deltakarkommunar gradvis har sunke, og bedriftsrådgjevaren går over i pensjonistanes rekkjer, har dei seks kommunane på administrativt nivå konkludert med at gjeldande avtale med VTNU vart sagt opp med verknad frå juni i år. Oppseiingstida er eitt år.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for næring og reiseliv der det heiter; Sikre nåverande nivå på service og handelsverksemder, stimulere til vidareutvikling for desse, og til etablering av nye.

Både nye krav for kommunane om obligatorisk konkurransegjennomføringsverktøy (forkorta KGV) frå 1.7.2018, variable erfaringar med fleire avtaleområde i BTV Innkjøp, usikkerheit kring verknader av regionreforma, oppbygging av kompetanse i eigen organisasjon og fokus på innovative innkjøp gjer at rådmannen ønskjer å sjå på nytt på korleis ein skal jobbe med dette saksfeltet framover.
I det nye regelverket for offentlige innkjøp som trådde i kraft 1. januar 2017 stilles det krav om at all kommunikasjon mellom oppdragsgjevar og leverandørane over den nasjonale terskelverdien skal skje skriftleg ved bruk av elektroniske kommunikasjonsmidlar.
Det medfører at offentlege oppdragsgjevarar (inkl kommunar) med innkjøp omfatta av del II og del III i forskrifta minimum må ha tilgang til ei elektronisk løysing for utveksling av innkjøpsdokument, forespørslar om å delta i konkurranse, stadfesting av interesse og innlevering av tilbod. Kommunar må ha slik løysing på plass innan 1. juli 2018. Dette fordrar såleis ei tettare lokal oppfølgjing av innkjøpsavtaler enn ein har hatt på lenge.

BTV Innkjøp er eit administrativt innkjøpssamarbeid beståande av Buskerud, Telemark og Vestfold fylkeskommunar, samtlege 21 kommunar i Buskerud, 12 kommunar i Telemark, Fylkesmannen i Buskerud og Telemark, samt Høgskulen i Søraust-Noreg. Erfaringane frå avtalene som blir framforhandla gjennom BTV er varierande. Fleire har vore til stor nytte, medan andre ikkje tek høgde for dei behov distriktskommunar i øvre Telemark har. Med base i Drammen er det også, pga reiseavstand og tidbruk, avgrensa kor mykje våre kommunar kan engasjere seg i arbeidsgrupper som står for utarbeiding og evaluering av tilbod.
Kommunane i Midt- og Vest-Telemark har opp gjennom åra hatt god nytte av samarbeidet. Sist i 2016 i samband med anbod på person- og skadeforsikring, der premieinnsparinga samla var på dryge 3,5 mil kr. Rådmannen er difor framleis positiv til å finne samarbeidsløysingar innan innkjøpsfeltet, der ein kan finne balanserte løysingar i skjæringspunktet mellom forhandlingstyngde basert på storleik, andre lokale omsyn og auka satsing på innovative innkjøp. Det er såleis ønskjeleg at ein deltek i ei utgreiing der ein ser nærare på ein samarbeidsmodell for eit regionalt innkjøpssamarbeid i øvre Telemark, som kan vere basert på 9 kommunar.

Rammer og mål eit nytt samarbeid
Målsetjingane med eit nytt innkjøpssamarbeid vil vere å sørgje for at alle innkjøp til kommunane blir gjennomført kostnadseffektivt og samsvar med lov, forskrift og politisk vedtekne retningsliner, samt med omsyn til miljø og samfunnsansvar. Deltakande kommunar skal gjennom felles rammeavtaler og samordna innkjøp søkje å oppnå stordriftsfordelar ved betre innkjøpsprisar og vilkår, samt lågare kostnader ved innkjøpsprosessen. Innkjøpssamarbeidet skal også vere ein ressurs innan kompetanseheving av kommuneorganisasjonane og ha rettleiingsrolle overfor lokale leverandørar. For å kunne møte desse målsetjingane på vegne av 9 kommunar ser ein for seg ei innkjøpseining minst må ha to årsverk for å oppnå ein stabil tenesteleveranse.

Konklusjon:
Fyresdal kommune ynskjer å nytte dei forenkla rammene som ligg i ny lov om offentlege innkjøp.
Fyresdal kommune ynskjer med dette å legge til rette for meir lokale og regionale innkjøp.
Fyresdal kommune ynskjer samstundes å vere med å greie ut eit vidare inkjøpssamabeid for Midt og Vest-Telemark. Dette for å kunne få tilgang på kompetanse som er vanskeleg å ha sjølv til ei kvar tid, men og for å kunne vere med på innkjøpsordningar med begrensa lokal verdi.

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune ynskjer at ein utgreier eit vidare innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark med heimel i kommunelova §§ 27/28.
2. Rådmennene får i oppdrag å utarbeide utkast til samarbeidsavtale
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane våren 2018.
4. Fyresdal kommune seier opp avtala merd BTV Innkjøp.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

1. Fyresdal kommune ynskjer at ein utgreier eit vidare innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark med heimel i kommunelova §§ 27/28.
2. Rådmennene får i oppdrag å utarbeide utkast til samarbeidsavtale
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane våren 2018.
4. Fyresdal kommune seier opp avtala merd BTV Innkjøp.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 17.10.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 17.10.2017

2. Fyresdal kommune ynskjer at ein utgreier eit vidare innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark med heimel i kommunelova §§ 27/28.
2. Rådmennene får i oppdrag å utarbeide utkast til samarbeidsavtale
3. Saka blir sendt til politisk handsaming i kommunane våren 2018.
4. Fyresdal kommune seier opp avtala merd BTV Innkjøp.

Ketil O. Kiland	
rådmann	

Beregning av verdi

Oppstart — Kostnader i inntil fire år (foa § 5-4)

Etablering Eks: Installasjon, montering, kartlegging, implementering	**Kjøp/Driftskostnader** Eks: Support, lisens, abonnement, kjøp av utstyr eller tjeneste	**Opsjon** Opsjon på flere år eller kjøp	Totalkostnad (eks mva)
Opsjon Eks: Kurs	**Opsjon** Eks: systemmodul / serviceavtaler	**Opsjon**	

Rammeavtale

Gjentagende behov, varer/tjenester FOA § 11-1, §26-1,2,3
Avrop innenfor ramme begrenset av totalbeløp og løpetid
Løpetid med opsjoner, maks fire år (typisk 2+1+1 år)

Ressurser

lovdata.no Her ligger hele loven og forskriften (søkbar)
doffin.no Her ligger alle nasjonale- og EØS-kunngjøringer
anskaffelser.no Mye nyttig stoff om offentlige anskaffelser
regjeringen.no Søk etter «veileder til reglene om offentlige anskaffelser»
kofa.no Her kan du lære masse om *tolkningen av regelverket*

Innkjøpskontoret AS

www.innkjopskontoret.no
post@innkjopskontoret.no

Innkjøpskontoret
innkjøp - enklere

Oversikten er utarbeidet av Innkjøpskontoret AS. Innkjøpskontoret tar ikke ansvar for feil i oversikten eller for feil bruk.

© 2016 Innkjøpskontoret AS, ver.3.0

Innkjøpskontoret
innkjøp - enklere

Oversikt over Offentlige Anskaffelser, 2017



Lov om offentlige anskaffelser § 1.Formål:
«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Lov om offentlige anskaffelser § 4.Grunnleggende prinsipper:
«Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.»

En praktisk oversikt som hjelper deg å forstå og bruke regelverket for offentlige anskaffelser riktig. Oversikten gjør det lettere å finne fram i Lov og forskrift om offentlige anskaffelser og er oppdatert for 2017

Konkurransen

Oppdragsgiver

Konkurransegrunnlag FOA § 8-4/14-1

1. *Kvalifikasjonskrav*: krav til leverandøren (FOA § 8-7/10 / §16, 17)
2. *Kravspesifikasjon:* krav til leveransen (FOA § 8-5 / 15-1)
3. *Tildelingskriterier*: kriterier for valg av vinner evt. med vekting eller kun pris. (FOA§8-11 / 18-1)
4. Kontrakt (FOA § 8-12 / 19-1)

Huskeliste:
Ingen merkenavn. Konkret og konsist. Totalkostnader, eks mva. Enkel oppbygning. Ingen unødvendige dokumentasjonskrav. Få med alle opsjoner. Bruk KGV.

Konkurransegjennomføring FOA § 9/23

Konkurranseform: FOA §9-2 / §23-6
Tilbudsfrist: Rimelig tid, lik for alle
Vedståelse: Kortest mulig (FOA § 8-15)
Alle spørsmål anonymiseres og gjengis til alle interessenter (FOA §14-2)

Tilbydere

- **Leverandør A**
- **Leverandør B**
- **Leverandør C**
- **Leverandør D**
- **Leverandør E**

Huskeliste:

Svar på alle spørsmålene

Dobbeltsjekk vedlegg

Spør hvis noe er uklart

Sett av god tid til innlevering

Husk signatur

Loven og forskriften



Fra 1,75 millioner eks mva (FOA § 5-3)

Del III, Anskaffelser over EØS terskelverdiene (§12-29)

- Må bruke KGV fra 2018 (§22)
- Egenerklæring (FOA §17)
- Frist 30/35 dager (§20-2)
- Forhandling må begrunnes særlig (FOA §13-2)
- Karensperiode 10 dager
- Kunngjøres også på TED
- Krav om å kunngjøre hvem som fikk kontrakt

Særlige tjenester under 6,3 millioner og bygge- og anleggsanskaffelser under 44 millioner følger Del II.

Fra 1.100.000 eks mva (FOA § 5-1(2))
(beregning av verdi: se baksiden)

Del II, Anskaffelser under EØS/ særlige tjenester (§8-11)

- Kunngjøres på Doffin (§8-17)
- Må bruke KGV fra 2018 (§8-20)
- Kan forhandle (§9-3)
- Begrunnelsesplikt (§10-1)
- Rimelig karenstid (§10-2)
- Særlige tjenester: se FOA vedl.2

Fra 100.000,- eks mva

Del I, Alminnelige bestemmelser (§ 1-7) Se FOA § 2 for unntak og § 7 for grunnleggende krav

- Spør minst 3. Kan bruke epost (LOA §4: «konkurranse», ingen krav om KGV)
- Dokumentasjonsplikt. Lag anskaffelsesprotokoll (FOA §7-1)
- Skatteattest over 500.000,- (FOA §7-2)

FOA – Forskrift om offentlige anskaffelser

Lov om offentlige anskaffelser:
LOA §4: Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet.

LOA - loven

Evalueringen

Tildelingskriterier, totalt 100%

	Kriterie 1 Pris	Kriterie 2 Eks:Kvalitet, service, etc.	Kriterie 3 etc...
Leverandør A			
Leverandør B			
Leverandør C			
Leverandør D			
Leverandør E			

Evaluering FOA § 8-11/18-1
Tildeling av kontrakt etter tildelingskriteriene fra konkurransegrunnlaget. Oppdragsgivers skjønn. Skal begrunnes

Avvisning (formalia, leverandør, tilbud)
Del I og II: se FOA § 9-4, 5, 6 og 7
Del III: Se FOA § 24

© 2016 Innkjøpskontoret AS
www.innkjopskontoret.no Innkjøpskontoret

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2017/1216-2
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 18.09.2017

Saksframlegg

Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	38/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:
1 Invitasjon til å deltake i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekt

Bakgrunn for saka:
KS har utarbeida digitaliseringsstrategi som set retning og mål for KS`, kommunane og fylkeskommunane sitt arbeid fram mot 2020. Heilt avgjerande for å nå måla om auka digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordnar innsatsen. KS skriv vidare at eit viktig delmål for ein meir samordna kommunal sektor er å etabler digitale fellesløysingar. Å finansiere desse er eit hovudmål med forslaget til finansieringsordning som kommunar og fylkeskommunar blir bedt om på delta i.

Hovudstyret i KS har difor gitt sin tilslutning til å invitere alle kommunar og kommunar til å delta med eit eingongsbeløp. Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) vil bidra med 125 mill. kr fordelt over to år under føresetnad at kommune deltek med same beløp. KS vil bidra med 40 mill. kr og storbynettverket og dei ti største kommunane har signalisert at dei vil bidra med til saman 35 mill. kr.
For å etablere ordninga, og for å løyse ut midlane frå KMD inviterer KS alle medlemskommunane til å delta med eit eingongsbeløp på kr 20,- per innbyggjar og for fylkeskommunane med kr 5,- per innbyggjar. Dette vil da til saman utgjere 250 mill. kr.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for økonomi og fellestenester der det heiter; Vere ein døgnopen kommune via heimesida og auke den digitale kompetansen.

Digitalisering er sett på dagsorden både i privat og offentleg sektor. På mange område har ein alt kome langt, men det ventas omfattande endringar og mogeleghetar med å ta i bruk slike verkty frametter. Våre innbyggjarar er etter kvart vant med å få raske svar og behova for å oppsøkje sakshandsamarar blir mindre. Døme på dette er innan bank og forsikring, men og i kommunar har ein alt kome langt med å nytte digitale plattformer for å effektvisere og for å kunne kome innbyggjarane i møte med å gje raske svar til alle døgnets tider.

Fyresdal er ein liten kommune og kan aldri ligge i front for innføring av nasjonale strategiar. For å oppretthalde eit tenestetilbod på linje med andre kommunar er det likevel viktig å vere med og kunne ta i bruk ny teknologi når den er tilgjengeleg. Det er og viktig å vere ei røyst som kan tale for småkommunar for å tilpasse løysingar som ikkje bare tek omsyn til dei store og mellomstore kommunane. Difor bør ein ta del i invitasjonen frå KS som er ein organisasjon for kommunane

som vil vere ei sikring for at alle kommune blir høyrt og tatt vare på for at leverandørar ikkje bare tek omsyn til dei store kommunane der lønsemda kan vere størst.

KS understrekar at ein med å samordne seg får billigare og kvalitativt betre løysingar på det som utviklast. Løysingane blir også meir varige. Ved å delta i finansieringsordninga vil kommunane få ta del i dei løysingane som ordninga utviklar.
Når ordninga er etablert, skal den vere sjølvfinansierande. Ordninga er tenkt å vere på plass utover hausten og fullt ut i 2018. Dette skjer i eit samarbeid med både små og store kommunar.

Gjennom Vest-Telemarkrådet gjennomførast nå i haust ein digitaliseringskonferanse. På rådmannsnivå arbeidast det med å finne regionale løysingar for å vere aktivt med i prosessen og kunne førebu seg på å kunne ta ny teknologi i bruk på ein effektiv og kostnadsbesparande måte både ved innkjøp og opplæring.

Konklusjon:
Fyresdal kommune deltek i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune takkar ja til invitasjonen frå KS om å delta i finansieringsordninga for digitaliseringsprosjekt og løyver kr 20 per innbyggjar som eingongssum. Løyvinga vil utgjer omlag kr 27.000 og blir finansiert av formannskapet sin konto.

Ketil O. Kiland	
rådmann	

KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities

Til alle KS' medlemmer

Vår referanse:	17/00985-5
Arkivkode:	0
Saksbehandler:	Line Richardsen
Deres referanse:	
Dato:	08.09.2017

Invitasjon til å delta i finansieringsordningen for digitaliseringsprosjekter

Digitaliseringsstrategien[1] setter retning og mål for KS' og kommunenes og fylkeskommunenes arbeid frem mot 2020. Helt avgjørende for å nå målene om økt digitalisering er at vi innad i sektoren samarbeider og samordner innsatsen. Et viktig delmål for en mer samordnet kommunal sektor er å etablere digitale fellesløsninger. Å finansiere disse er hovedformålet med den nye finansieringsordningen.

Sammen med KommIT-rådet har KS det siste halvåret arbeidet med å få på plass en slik finansieringsordning. Hovedstyret[2] i KS har gitt sin tilslutning til å invitere alle kommuner og fylkeskommuner til bidra med et engangsbeløp. Saken ble behandlet 15. august. Finansieringsordningen er også behandlet i fylkesrådmannskollegiet og en rekke fylkesstyrer og rådmannsutvalg[3].

Det har vært og er en god dialog om ordningen mellom kommunal sektor og staten. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har signalisert at de vil bidra med 125 millioner kroner fordelt over to år, forutsatt at kommunal sektor bidrar med minst like mye. KS vil bidra med inntil 40 millioner kroner. Storbynettverket og de ti største kommunene har signalisert at de vil bidra med til sammen 35 millioner kroner.

For å etablere ordningen, og for å utløse midlene fra KMD, er det nødvendig at vi reiser tilstrekkelig kapital. KS inviterer derfor alle sine medlemmer til å delta med et engangsbeløp på henholdsvis 20 kroner per innbygger for kommuner og 5 kroner per innbygger for fylkeskommuner. Hvis alle kommuner og fylkeskommuner blir med, vil ordningen disponere ca. 250 millioner kroner.

Hvorfor bør din kommune bli med?
Formålet med ordningen er å utvikle flere nye felles digitale løsninger for kommunal sektor. Ved å utvikle løsninger sammen, får vi bedre kvalitet og lavere pris på det som utvikles. En annen fordel er at mange vil stå sammen om videreutviklingen og forvaltningen, noe som vil forlenge levetiden til løsningene.

Dette er også en mulighet for kommunal sektor å vise at vi står sammen om digitalisering, og at vi fremover vil ta en ny og sterkere rolle i samarbeidet med leverandører og staten. Vi er avhengige av at flest mulig bidrar med engangssummen neste år for å utløse alle midlene fra KMD. Det vil gi ordningen nødvendig kapital slik at den blir kraftfull og bærekraftig.

Når din kommune har bidratt med engangssummen, vil dere få tilgang til alle løsningene som blir utviklet gjennom ordningen. Det er opp til hver enkelt hvilke løsninger man vil ta i bruk.

[1] Lenke til Digitaliseringsstrategien for kommuner og fylkeskommuner
[2] Lenke til Sak 17/39 Finansiering og organisering av felles kommunale digitaliseringsprosjekter
[3] Lenke til Saksunderlaget til fylkesvise rådmannsutvalg, fylkesstyrer og fylkesrådmannskollegiet

KS
Besøksadr.: Haakon VIIs gate 9
Postadr.: Postboks 1378, Vika, 0114 Oslo
Nettside: www.ks.no
E-post: ks@ks.no
Telefon: +47 24 13 26 00
Org.nr.: 971 032 146
Bankgiro: 8200.01.65189
Iban: NO63 82000165189

Hvordan fungerer ordningen?
Når ordningen er etablert, skal den være selvfinansierende. Det vil si at utbetalinger fra finansieringsordningen til felles kommunale digitaliseringsprosjekter skal tilbakeføres når løsningene tas i bruk. De kommunene og fylkeskommunene som tar løsningen i bruk, vil dele på denne kostnaden. På denne måten fordeles finansieringsansvaret og -byrden på et fellesskap, samtidig som det opprettholdes kapital i finansieringsordningen til utvikling av nye fellesløsninger.

Tildelingen fra KMD forutsetter at ordningen følger disse overordnede prinsippene:

- Ordningen skal finansiere utviklingen av felles digitaliseringsprosjekter i kommunal sektor.
- Ordningen skal forvaltes av KS.
- Prosjekter som kvalifiserer til ordningen, vil behandles og prioriteres av KommIT-rådet og skal være til nytte for alle kommuner og/eller fylkeskommuner.
- Utviklingskostnadene som ordningen finansierer, skal tilbakebetales når løsningene tas i bruk.
- Ordningen skal være selvfinansierende og bærekraftig etter selve etableringen.
- Løsninger som er utviklet med finansiering fra ordningen, kan kun tas i bruk av kommuner og fylkeskommuner som har bidratt med et engangsbeløp.

Målet er at ordningen skal være på plass i løpet av høsten og virke fullt ut i 2018, og vi er i gang med å utrede hvordan den skal fungere i praksis. Dette skjer i samarbeid med fagpersoner og rådmenn fra både fylkeskommuner og små og store kommuner.

Det samlede finansielle behovet etter 2017/2018 er i dag vanskelig å anslå. Derfor vil KS, sammen med medlemmene og KommIT-rådet, gjennomføre årlige vurderinger og evalueringer av ordningen. I tillegg vil KS opprettholde et interessepolitisk trykk mot staten for å sikre statlig medvirkning og utvikling av virkemidler som sikrer økt gjennomføringskraft og styrket digitalisering i hele offentlig sektor.
Et mer detaljert prinsippnotat[4] for ordningen er vedlagt.

Vi ber om tilbakemelding innen 20. desember
Jo flere kommuner og fylkeskommuner som deltar, jo bedre vil ordningen fungere og gi resultater for den enkelte kommune og sektoren vår samlet. Vi håper derfor at din kommune vil gå inn med den nødvendige startkapitalen. Vi antar og er forberedt på at de aller fleste må ta beslutningen om å delta i ordningen i løpet av høsten, slik at engangssummen kan legges inn i budsjettet for 2018.

Vi ber dere om å behandle saken så snart som mulig, senest innen 20. desember, og gi oss en tilbakemelding til hallvard.hoen@ks.no når dere har gjort endelig vedtak.

Har dere innspill?
Dersom du eller noen andre i din kommune trenger mer informasjon, har innspill eller ønsker å bidra i arbeidet, ta gjerne kontakt med oss på e-post hallvard.hoen@ks.no.

Med hilsen

Gunn Marit Helgesen
Styreleder

Lasse Hansen
Administrerende direktør

[4] Lenke til prinsippnotat

Fyresdal kommune

Arkiv: 026
Saksmappe: 2016/937-13
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 03.07.2017

Saksframlegg

Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - avslutning av prosjekt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	9/17	05.09.2017
Arbeidsmiljøutvalet	30/17	06.09.2017
Administrasjonsutvalet	7/17	11.09.2017
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	29/17	28.09.2017
Hovudutval for plan og miljø	23/17	19.09.2017
Kommunestyret	39/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:
1 Sak til kommunane 29.08.2017
- K.sak 02/15: Kommunereform – Fyresdal kommune si framtid
- K.sak 22/15: Deltaking i forprosjekt – endra mandat
- K.sak 28/15: Forhandlingsutval i samband med kommunereforma
- K.sak 45/15: Utviding av forhandlingsutval i samband med kommunereform
- K.sak 08/16: Samarbeid eller samanslåing av kommunane Fyresdal og Tokke
- Fakta og vurderinger omkring kommunestruktur i Telemark (TF-notat nr. 9/2004)
- Kommunereforma – forstudie for kommunane i Vest-Telemark
- Regional analyse for Vest-Telemark 2014 (TF-notat nr. 79/2014)
- Kommunestruktur i Vest-Telemark (TF-rapport nr. 374-2015)
- www.vest.telemark.no – kommunestruktur i Vest-Telemark
- Prosjektspesifikasjon - interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark
- Oppsummering av spørjeundersøkinga i Vest-Telemark
- Interkommunalt samarbeid - lokaldemokratisk styring og kontroll
- Samla oversyn over interkommunale samarbeid der Vest-Telemarkkommunane er med
- Interkommunalt samarbeid - næringsutvikling og reiseliv - rapport 02.05.17
- Interkommunalt samarbeid - landbruk - rapport 02.05.17
- Interkommunalt samarbeid - økonomi - rapport 02.05.17
- Interkommunalt samarbeid - IKT - rapport 02.05.17

Vedlegg:
-Sluttrapport interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark, datert 29. august.

Bakgrunn for saka:
Med unntak av Vinje kommune som ikkje gjekk inn på eit forprosjekt om ein Vest-Telemark kommune har dei andre kommunane gjort vedtak om eit senario to om det ikkje vart kommunesamanslåing der det heiter: **"Oppretthalde alle kommunane, med ei forplikting til meir interkommunalt samarbeid".**

Som del av forprosjektet vart det sette ned interkommunale arbeidsgrupper som vart delt i fem ulike fokusområde:
- Økonomi
-Samfunnsutvikling
-Mynde og overordna styring
-Tenester
-Demokrati

I dette arbeidet deltok tilsette, tillitsvalde og hovudverneombod frå alle seks kommunane.
Vest-Telemarkrådet (VTR) har søkt og fått 1 mill. kr i skjønsmidlar til eit prosjekt knytt til betre kontakt mellom VTR og kommunane.
Rådmennene stilte seg positive til å sjå nærare på ein gjennomgang av det interkommunale samarbeidet og laga prosjektspesifikasjon for å gjere dette.
Rådmennene la til grunn at ingen kommunar skulle tape på ei utviding av det interkommunale samarbeidet og at samarbeid blir omfordelt mellom kommunane. Rådmennene la vidare til grunn at det ikkje skal vere ei forplikting til å delta i eit interkommunalt samarbeid og at det ikkje skal vere naudsynt at alle seks kommunane skal samarbeide, men at det og kan finnast gode løysingar der to eller fleire kommunar samarbeider.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017- 2020/måla i budsjettet for 2017 der det heiter; Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.

1. **IKT**

Arbeidsgruppas innstilling:
Rapporten vart gjennomgått i arbeidsgruppa 21. april uten å komme med ein felles konklusjon eller tilråding.
Referansegruppa:
• På sikt, bør alle ha likt system og at desse "snakkar saman".
• HVO/HTV stør rapporten, og ser det som teneleg at alle kommunane tiltrer i samarbeidet på sikt. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppas konklusjon:
Møte 2. mai 2017 peiker på at sak til kommunane bør delast i to delar; drift og digitalisering.
Drift
• 3kom (Fyresdal, Nissedal og Seljord) skal på anbod i 2018.
• Vinje-Tokke-Kviteseid, kjem til å etablere eit felles selskap på drift.
Digitalisering
• Alle er enige om at det må være ei felles satsing på digitalisering, og minimum eit felles digitaliseringsstyre i VT.
Arbeidsgruppa for IKT-satsinga får mandat til å jobbe fram eit forprosjekt for oppretting av eit slikt felles samarbeid i Vest-Telemark.
3kom er veldig godt nøgde med driftstavtala dei har i dag. Det er nytt anbod i 2018. Felles IKT-drift må henge saman med felles digitaliseringsstrategi, men før 3kom skal bytte driftsmiljø må dei være trygge på at drifta vert like god i eit felles driftsmiljø i Vest-Telemark. Fyresdal og Nissedal ynskjer å delta i eit vidare kommunesamarbeid, også på drift – men tidspunktet for oppstart er noko uklart.

Vinje-Tokke-Kviteseid, kjem truleg til å etablere eit felles selskap på drift og det blir arbeidd med ein felles strategi for digitalisering i alle seks kommunane med eit digitalseringsstyre.

2. Økonomi

Fire eller fem ulike område/delområde innanfor økonomi. Det femte temaet er innkjøp, og vart ikkje jobba inngåande med i denne rapporten, som er skriven av Telemarksforsking.
For innkjøp vil det bli lagt fram eiga sak for dei respektive kommunestyra i løpet av hausten.

Dei fire andre områda som er jobba med i arbeidsgruppa:
• Skatt, lønn, rekneskap og budsjett.
Konklusjon frå Telemarksforsking tilrår samarbeid og peiker mellom anna på modellar der det ikkje er krav til at allereie tilsett personell må flytte.

Det er ikkje like reglement eller måtar å jobbe på i kommunane – heller ikkje Nissedal og Kviteseid som alt har etablert eit samarbeid. Å utvide dette samarbeidet til fleire kommunar må føre til ein større gjennomgang for lik handsaming i dei samarbeidande kommunane. Dette handlar mykje om digitalisering.

Med unntak av Vinje kommune som ikkje deltok i samarbeidet for dette fagområdet konkluderte styringsgruppa med at det var aktuelt å sjå på spesielt løn og skatt. Det er peika på fleire fordeler og ulemper, og ein får flest fordeler med å lokalisere eit felles kontor på ein stad.

Arbeidsgruppas innstilling:
"• Alle sluttar seg til å samarbeide på skatt og innkreving. Ein bør ikkje innstille på vertskommune, men la dette være åpent til diskusjon i lokaliseringsutvalet.
• Nissedal: Ynskjer ikkje samarbeid på rekneskap.
• Fyresdal og Tokke: Vil vurdere å tiltre eit samarbeid på løn og rekneskap ved trong (utskifting av personell).
• Kviteseid: Ynskjer å inngå samarbeid på alle områda.
• Seljord: Er positiv til vertskommune på løn, ikkje rekneskap.
Alle fem ynskjer å inngå ei forpliktande samarbeidsavtale på alle fagområda innan økonomi.
Gruppa ser at overgongen frå dagens situasjon til å samle arbeidsoppgåver frå alle fem kommunane med det fyrste, kan føre til sårbarhet. Ein bør ha ein overgong frå dagens organisering til to eller tri kommunar, før alle kommunane skal inngå i samarbeidet.
Standardisering mellom kommunane må ligge til grunn for å lykkast med eit meir omfattande samarbeid".

Styringsgruppas konklusjon:
"• Styringsgruppa stør arbeidsgruppas innstilling på skatt og innkrevjing.
• Styringsgruppa for dei fem deltakande kommunane ynskjer også eit samarbeid på løn".

3. Landbruk

Arbeidsgruppas innstilling i referat 24. mars 2017:
Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing, der ein beheld dei landbrukskontora ein har i dag. Dette inneber tettare samarbeid om ei rekkje oppgåver som t.d. kompetanseutvikling, felleshøyringar, samarbeid knytt til handsaming av lovsaker og samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Ein legg til grunn at ei slik løysing inneber auka krav til koordinering og at det må settast av kapasitet til dette.

Referansegruppa:
• HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle

samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppas konklusjon:
• *Fyresdal ynskjer å gå vidare på samarbeid med Kviteseid og Nissedal.*
• *Vinje, Tokke og Seljord ynskjer å jobbe vidare med arbeidsgruppas innstilling.*
Fyresdal ynskjer å gå vidare på samarbeid med Kviteseid og Nissedal.
Vinje, Tokke og Seljord ynskjer å jobbe vidare med arbeidsgruppas innstilling der det heiter:
" Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing, der ein beheld dei landbrukskontora ein har i dag. Dette inneber tettare samarbeid om ei rekkje oppgåver som t.d. kompetanseutvikling, felleshøyringar, samarbeid knytt til handsaming av lovsaker og samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Ein legg til grunn at ei slik løysing inneber auka krav til koordinering og at det må settast av kapasitet til dette".

4. Næring - reiseliv

Arbeidsgruppa stør innstillinga til Ernst & Young, på modell 1, og tilrådingane som dei peiker på knytt til denne modellen.
Konklusjon:
Styringsgruppa stør innstillinga frå arbeidsgruppa der det heiter:
" Gruppa ser at rapporten frå EY er grundig og dekkande, og stør tilrådinga frå konsulenten som er "Alternativ 1": Dagens modell, men meir spissa og med meir formalisert samarbeid. (side 41 i rapporten).
Hovudgrunngjeving er at denne modellen legg best til rette for å bli "suksessrike distriktskommunar"".

5. Konsesjonskraft

Arbeidsgruppas innstilling
Stør konklusjonen i rapporten (s 7-8):
1. Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge vidare på og utvikle etter som marknaden krev det. Det bør gjerast ei nærare vurdering av om konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane bør reforhandlast med tanke på å sikre ordninga ved ein ev regionreform.
2. Kontroll av eigedomsskattegrunnlaga frå SFS krev ein del kompetanse som kvar kommune bør ha sjølv. Om kommunen manglar slik kompetanse kan kommunen velje å kjøpe denne tenesta der kompetanse/ kapasitet er å finne.
3. Med omsyn til taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft bør kommunane halde fram med å samarbeide om å kjøpe taksatortenestar, og sjølve ha god kompetanse på kva for takseringsprinsipp som skal nyttast og kunne formulere gode grunngjevingar for takstane. Arbeid med ny taksering for skatteåret 2018 bør starte opp så snart som råd i regi av økonomisjefsnettverket.
4. Gjennomføring av vilkårsrevisjonar og vassforvaltningsarbeid. Kommunar kan kjøpe inn kompetanse om ein finn det tenleg, men må også ha ein saksansvarleg i kommunen som fylgjer opp.
5. Konsesjonshandsaming av ny kraft – her gjeld det same som for vilkårsrevisjonar.
6. Det bør gjennomførast ei nærare utgreiing/forstudie av spørsmålet om å bygge opp eit kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til FAUN Naturforvaltning i Fyresdal.

Referansegruppa:
• HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Styringsgruppas konklusjon:
Vest-Telemark kan bygge opp konsesjonskraftkompetanse for heile Telemark, og tida er inne for å konkretisere dette ved å bygge på rapporten. Ein ser for seg at alle kommunane i Vest-Telemark (Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje) jobber vidare for å konkretisere eit slik samarbeid – og ein vil også ta med Tinn og Hjartdal. Det føreligg forslag om å konkretisere eit vidare arbeid med forprosjekt, og Jon Kleiv vert prosjektansvarleg. Både HTV og HVO i Vest-Telemark peiker på viktigheta av eit felles samarbeid på området framover. Dette vil kunne få store konsekvensar for økonomien i kommunane og då også ramme dei tilsette.

Styringsgruppas konklusjon:
Vest-Telemark kan bygge opp konsesjonskraftkompetanse for heile Telemark, og rapporten peiker på at tida er inne for å konkretisere dette ved å bygge på rapporten. Ein ser for seg at alle kommunane i Vest-Telemark (Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje) jobbar vidare for å konkretisere eit slik samarbeid – og ein vil også ta med Tinn og Hjartdal. Det føreligg forslag om å konkretisere eit vidare arbeid med forprosjekt, og Jon Kleiv vert pekt ut som prosjektansvarleg (PA) for å jobbe vidare med dette.

Ein kan hauste mange erfaringar frå både prosessen med kommunesamanslåing og kommunesamarbeid. Som eit svar på Regjeringa sitt mål om å få slått saman kommunar konkluderte kommune i Vest-Telemark at dette ikkje var aktuelt nå. I staden skulle ein utvide det gode samarbeidet ein alt hadde. Til det siste vart det av mange hevda at eit kommunesamarbeid framfor kommunesamanslåing ført til ei svekking av demokratiet.

Båe prosessane har vore god med brei deltaking frå både politisk nivå, tilsette hovudverneombod og hovudtillitsvalde i styringsgruppa og tillitsvalde elles i referansegruppa.

Som venteleg vart det mykje motkrefter i ein prosess der det er forslag om å gjere endringar som omfattar lokalisering, flytting av tilsette, endring i arbeidsoppgåver etc. Dette kom da også nokså tydeleg fram i intervjua med tilsette innan dei fem valte fokusområda.

Dette kom svært tydeleg fram i dialogen mellom kommunane Fyresdal, Kviteseid og Nissedal der ein prøvde å gå vidare med eit samarbeid om landbruk, rekneskap, byggesak, oppmåling og plan. Desse planane vart ettertrykkeleg lagt til sides av eit samla kommunestyre 15. juni.

I minst eit år har ein halde på med eit stort arbeid for å svare på Regjeringa si oppmoding om kommunesamanslåing og deretter over eit år med å greie ut utviding av kommunesamarbeidet utan dei store resultata.

Erfaringane er at det er svært vanskeleg å skape endring i det bestående, men at der det er nye tilbod pågang er lettare. At Fyresdal og Kviteseid kommunar nå har fått til ei løysing med felles logoped er døme på dette. Ein kan og håpe på at dette vil skje med felles psykologteneste for Vest-Telemark. Det er ingen som tvilar på at her bør vi samarbeid, men og her kan lokaliseringsspørsmålet kome opp.

Eit anna samarbeid som fire kommunar har slutta seg til i Vest-Telemark er jordmorsamarbeidet. Her er vakta lagt til Seljord, men som det nå ser ut vil Vinje kommune vere vertskommune. Elles har Vest-Telemark hatt tradisjon frå å samarbeid, jfr. samla oversyn over interkommunale samarbeid der Vest-Telemarkkommunane er med. Kva som er årsaken til at ein kan ha fått til meir samarbeid før blir bare vere å spekulere i, men at det kjem nye rundar er nokså sikkert.

Om dette blir politisk styrte prosessar, kommunesamanslåing med tvang framfor ei linje med fridom for kommunane til å gjere sine eigne val er usikkert.
Ei anna side som talar for store endringar i kommunane framover er at mange oppgåver kjem til å bli digitaliserte og mange offentlege arbeidsplassar vil kome til å li under dette om vi ikkje klarar å omstille oss.
Kampen om kompetansen og arbeidsplassane er stor mellom kommunane og omfanget der privat tenesteyting overtar kommunale oppgåver vil skyte fart. Det vil bli meir vanleg at kommunar kjøper tenester av kvarandre eller av private for lengre eller kortare periodar.

Det vil alltid vere ein risiko om ein ikkje aktivt er med i dialogen om fordeling av arbeidsplassar mellom kommunane som ein når var i gang med. Ein strategi der ein let andre ta initiativet kan føre til at ein i større grad må gje frå seg ressursar framfor å fordele ressursar som ein nå var i gang med.

Konklusjon:
Fyresdal kommune er fortsatt open for samarbeid over kommunegrensene der dette kan vere aktuelt som følgje av naturleg avgang av eigne tilsette eller der tilsette sjølv ser dette som ei god løysing for å fremme tenestetilbodet. Dette kan vere i form av å kjøpe tenester av kvarandre eller å gå inn i meir forpliktande samarbeid med oppbygging av større felles fagmiljø.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

Innspel frå medlem i rådet Torleiv Veum;
Ein merkar seg at helsespørsmål ikkje, eller i svært liten grad har vore drøfta i saka, som tema, aktuelle samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark.
Saker som lege, fastlege og spesialistlege. Naudsynt legedekning.
Sjukeheimar, kapasitet og samarbeid om tilbod til pasientane.
Behandlingstilbod til pasientar etter sjukehusopphald. Behandling til ymse pasientar med kroniske plager. Mykje behandlingstilbod som no er kommunen sitt ansvar.

Sjå forskrift om legevakt;
Legevakt (sitat)
Kommunens ansvar for organisering og tilrettelegging av øyeblikkelig hjelpetjeneste inklusive legevakt og medisinsk nødmeldetjeneste går fram av helse- og omsorgstjenesteloven § 3-1 og § 3-2 første ledd punkt 3 og § 3-5. I dette ligger blant annet at kommunen skal ha et system som sikrer ivaretakelse av øyeblikkelig hjelp hele døgnet.

Med legevakt i Arendal, slik som ein har her i Fyresdal, må ein tru ikkje er heilt i samsvar med lova.
Ein vil oppmoda leiinga i Fyresdal å drøfte dette med andre kommunar i Vest-Telemark.

Samrøystes i samsvar med innstillinga til rådmannen med tillegg av innspel frå medlem i rådet Torleiv Veum.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til

kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 11.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 11.09.2017

Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

- Fyresdal kommune legg førebels bort planane om eit overordna grep for å få til kommunesamarbeid med fordeling av oppgåver kommunane i mellom.
- Fyresdal kommune vil likevel delta i samarbeidsprosjekt som det openbart er til nytte for kommunen.

Ketil O. Kiland	
rådmann	

Sak til kommunane i prosjektet Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark

-endringsprosessar, styring og eigarskap

Dato: 29. august 2017

Skriven av
Ole Dalen, Vest-Telemarkrådet

Innhald

Innhald 2
Oppsummering 3
Status. 14. august 2017 – aktivitet etter møtet 23. mai 2017: 4
Grunnlag for kommunal sakshandsaming 4
1 – IKT 4
2 – Økonomi – løn – skatt – rekneskap – innkjøp 4
3 - Landbruk – utmark – jord – skog – miljø 5
4 – Næring – Reiseliv 5
5 - Kompetansebygging på kraftsaker 5
Prosjektet 6
Dei fem målområda 6
Prosjektperiode 7
Organisering 7
Prosesskart 8
Tiltak 9
Tiltak 1 - IKT 10
Tiltak 2 – Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp 14
Tiltak 3 - Landbruk – utmark – jord – skog - miljø 18
Tiltak 4 - Næring - reiseliv 21
Tiltak 5 - Kompetansebygging på kraftsaker 24
Involvering, informasjon og kvalitetssikring 27
Eksisterande samarbeid og selskap 28
Rapportane 32

Oppsummering

Dette dokumentet tar for seg kvart av dei fem prioriterte tiltaka med fagleg tilråding i rapportane, frå arbeidsgruppene, lokaliseringsutvalet og styringsgruppa. Dokumentet er grunnlag for sak til kommunestyret om vidare arbeid etter politisk bestilling. Som grunnlag ligg også oversikt over dei eksisterande samarbeida med lokalisering av desse. Status i arbeidet kan oppsummerast slik:

1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke

Aktuell lokalisering:	Vinje, Tokke eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§ 27 hovudkontorkommune eller §28-1b
Arbeidsplassar:	7,1 årsverk, desentralisert med felles leiing
Fagområde:	IKT drift for Vinje, Tokke og Kviteseid.
Lokaliseringsutvalets tilråding i møte 23. mai:	Lokalisering av felles IKT drift for Kviteseid, Tokke og Vinje bør leggast til Tokke kommune. Rådmannsutvalet får fullmakt til å legge fram forslag til organisering av etablering av digitaliseringsstyre. Dette kan finansierast av Skjønnsmidlar i 2018, organisert gjennom VTR.

2. Økonomi løn – skatt – rekneskap

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	25 ulike "kombinasjonsstillingar"
Fagområde:	Skatt/innkrevjing og løn. Rapporten tilrår også felles teneste på rekneskap.
Lokaliseringsutvalets tilråding i møte 23. mai:	Nissedal, Kviteseid og Fyresdal vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid på alle område.

3. Landbruk – utmark – jord – skog – miljø

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing, eller dagens samarbeid
Arbeidsplassar:	10 stillingar fordelt på 9,3 årsverk
Fagområde:	Jord, skog, utmark, miljø og klima, kommunal jord og skog
Lokaliseringsutvalets tilråding i møte 23. mai:	(Fyresdal) Nissedal og Kviteseid vil innleiie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid.

4. Næring – reiseliv

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	Ingen tilråding.
Arbeidsplassar:	-
Fagområde:	Opprette ein felles ressurs i Vest-Telemark* med spesifikk kompetanse knytt til tilskotsmoglegheiter, støtteordningar, søknadsbistand, tilbodskonkurransar til det offentlege osb.
Lokaliseringsutvalets tilråding i møte 23. mai:	Ein stør opp om innstillinga frå arbeidsgruppa. Vest-Telemarkrådet gjev ei oppmoding til styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS om å ta opp organiseringa av Vest-Telemark Næringsutvikling AS i tråd med tilrådinga i rapporten frå EY.

* Vinje kommune bør inviteres til å delta på like premisser som de øvrige Vest-Telemarkkommunene

5. Kompetansebygging på kraftsaker

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	Førebuast i eige forprosjekt, PA John Kleiv
Arbeidsplassar:	-
Fagområde:	Kompetansemiljø på kraftsaker
Lokaliseringsutvalets tilråding i møte 23. mai:	Rådmann i Tokke kommune, John Kleiv er peika ut som PA for å gjennomføre eit forprosjekt, og driv prosessen vidare.

Status. 29. august 2017 – aktivitet etter møtet 23. mai 2017:

Grunnlag for kommunal sakshandsaming



Møte i lokaliseringsutvalet vart gjennomført på Tuftin Fjellgard 23. Mai. Opprinneleg var det planlagt møte i styringsgruppa påfølgande dag, men dette vart avlyst.
Styringsgruppa vurderer det slik at arbeidet med rapportane, arbeidsgruppene og lokaliseringsutvalet sendast som grunnlag til kommunane, der kvar av rådmennene skriv eiga sak til kommunestyret om vidare arbeid etter politisk bestilling.

1 – IKT

Lokalisering vart ein einige om på møtet i Rauland, og det skulle vere Tokke. Dei tilsette var ikkje klar over dette og ytra i eit møte i Vinje, ynskje om å lokalisere dette i Vinje. Etter deira møte er det oppretta dialog og ein skal no ha møte om vidare arbeid og også diskutere plassering.

Kommentar frå HTV og HVO i prosjektet
I epost frå og hovudtillitsvald (HTV) og Hovudverneombod (HVO) 29. august kom det kommentar til lokaliseringsutvalet særleg knytt til IKT. Kommentaren er gjengjeven under:

IKT og lokalisering.

Ved rørande møte i lokalisering utvalet si tilråding i møte 23 mai 2017.

I etterkant av møte som var Rauland på Tuftin, har det kome for dagen moment som var ukjent for HTV og HVO. Alle tilsette i IKT i Vinje Tokke, og Kviteseid som har vore involverte på ein eller annan måte, har vore einige om at Vinje skulle vera lokaliseringsplass for IKT.
Sjølvsagt må HTV og HVO stø opp om dei tilsette sine meiningar, det er noko av vår jobb. Kvifor dette ikkje er fanga opp og lagt fram i arbeidet til arbeidsgruppa for IKT, kan vitne om at prosessen ikkje har vore god nok. Me og må taka sjølvkritikk på det, etter retninga har ikkje vore god nok og er såleis ein lærepenge.

IKT lokalisering tilråding: HTV og HVO støttar dei tilsette om lokalisering av IKT til Vinje.

Me er og av den oppfatning at det ikkje er nødvendig med styringsgruppemøte. Men brevet her må fylgje saka vidare.

Mvh
HTV *HVO*

Ingerid Felle Sandåker *Svein Ekre*

2 – Økonomi – løn – skatt – rekneskap – innkjøp

Etter møte i Lokaliseringsutvalet 23. mai, var det møte mellom ordførerane og rådmennene i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid der dei forhandla fram forslag til vidare

samarbeid knytt til tenester på økonomi, løn, skatt og rekneskap. Forslaget til avtale med fordeling av arbeidsoppgåver var slik: Kviteseid skal ha landbruk, Nissedal skal ha plan, oppmåling og byggesak og Fyresdal skal ha økonomi.

15. juni 2017 var dette sak i Fyresdal kommune der dei gjorde fylgjande vedtak: Fyresdal Arbeiderparti ynskjer ikkje at ein skal gå vidare med planer om interkommunalt samarbeid med Kviteseid og Nissedal basera på framforhandla avtale. Grunngjevinga for dette er at publikumsretta tenester blir flytta vekk frå der kor folk bur og at det sterke fagmiljøet vi er i ferd med å bygge opp i næringshagen vil bli svekka. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette framlegget.

16. juni 2017 var det sak i Rådmannsutvalet knytt til mogleg etablering av nytt felles innkjøpssamarbeid med Midt-Telemark. Her vart rådmennene samde i at Jan Myrekrok (rådmann i Vinje kommune), fygjer opp kontakten med Midt-Telemark som gjev grunnlag til sak til kommunane i Vest-Telemark.

3 - Landbruk – utmark – jord – skog – miljø

Det er ikkje gjennomført samtalar mellom Kviteseid og Nissedal når denne rapporten sendast til kommunane.

4 – Næring – Reiseliv

1. juni 2017 sendte styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS ut brev der dei ber om dialog om kva rolle kommunane ynskjer VTNU (Vest-Telemark Næringsutvikling AS) og VTN skal ha framover. Det vart mellom anna vist til innhaldet i rapporten frå EY.
13. juni 2017 hadde Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) ordinær generalforsamling, der eigarane av VTN gav styret anmodning om å tilrettelegge for ein fusjon mellom VTNU og VTN gjeldande frå 31.12.2017.
22. august 2017 er styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) invitert til rådsmøtet for å legge fram korleis ein ser for seg drift og aktivitet i VTN etter ein eventuell fusjon.

5 - Kompetansebygging på kraftsaker

10. august 2017
Prosjektansvarleg (PA) John Kleiv (rådmann i Tokke kommune) melder at arbeidet med å etablere eit samarbeid har utvikla seg til å kunne omfatte Tinn, Hjartdal og Odda i tillegg til Vest-Telemarkkommunane. Det vert jobba med kompetansekartlegging i kommunane, og ein vil samle seg til møte for vidare arbeid på LVK-møtet i Tromsø 23. – 25. august.

Prosjektet

Bakgrunn

I 2015 og 2016 gjennomførte kommunane i Vest-Telemark eit forprosjekt knytt til kommunereformen. Arbeidet blei gjennomført i regi av Vest-Telemarkrådet, med Telemarksforsking som ekstern utgreiar og prosessrettleiar.
Forprosjektet hadde fokus på utgreiing av fordelar og ulemper ved gitte endringar i kommunestrukturen i regionen, herunder arbeide fram intensjonsavtaler som grunnlag for innbyggjarhøyring og seinare politisk handsaming. I tillegg omfatta forprosjektet drøfting av fordelar og ulemper ved ei vidareføring av dagens kommunestruktur med forplikting om meir interkommunalt samarbeid og hadde arbeidsgrupper samansett av fagleiing, hovudverneombod og hovudtillitsvald frå alle kommunane. Meir informasjon om forprosjektet er å finne på nettsida: www.kommunestrukturivesttelemark.no.

Resultatet av dette arbeidet aktualiserte eit vidare arbeid spesifikt på interkommunalt samarbeid i regionen, og styringsgruppa bestående av dei seks rådmennene, Hovudtillitsvald og Hovudvernombod utarbeidde prosjektmandat og laga grunnlag for det vidare arbeidet. Fylkesmannen løyvde 1 mill kr til arbeidet gjennom skjønnsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjektet i 2016 og ytterlegare styrking med ½ mill kr i 2017.

Målsetting

Det er ein klar intensjon at prosjektet skal munne ut i konkrete etableringar av nye, formelle interkommunale samarbeidstiltak blant kommunane i Vest-Telemark.

Dei fem målområda

Fem målområde er del av dei definerte rammene i arbeidet: økonomi, demokrati, samfunnsutvikling, myndighetsutøving og tenester.


Det er valdt fem tiltak innan desse målområda som er prioritert i dette prosjektet:

1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke
2. Økonomi løn – skatt - rekneskap
3. Landbruk – utmark – jord – skog - miljø
4. Næring - reiseliv
5. Kompetansebygging på kraftsaker

Prosjektperiode

Start: 18. april 2016
Slutt: 31.12.2017

Organisering



Prosjekteigarar:	Kommunane i Vest-Telemark
Styringsgruppe:	Rådmannsutvalet, ein representant for HTV og ein representant for HVO
PA[1]:	Ketil Kiland, rådmann i Fyresdal kommune
PL[2]:	Kjell Gunnar Heggenes, regionrådsleiar
Referansegruppe:	Hovudtillitsvald og hovudverneombod frå kvar kommune. PA og PL har dialog med referansegruppa i prosessen.
Arbeidsgrupper:	Representantar settast ned av kommunane i kvart vedtekne område. Styringsgruppa peiker ut leiar av gruppa.
Lokaliseringsutval:	Ordførarane og rådmennene i kommunane + HTV og HVO. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.
Eksterne ressursar[3]:	Praktisk framdriftsbistand og aktuelle utgreiingsarbeid.

[1] PA = Prosjektansvarleg
[2] PL = Prosjektleiar
[3] Leverandørar; Telemarksforsking, EY og TDAK AS

Prosesskart

Prosessen

Under er prosessen og framdrifta for arbeidet illustrert i korte trekk. Status i saka per tato er markert med grå rektangel:



Tiltak

Prioriterte tiltak

Møte i styringsgruppa 21. oktober sette fylgjande prioritering:

1. IKT - utgangspunkt i pågåande arbeid med Kviteseid, Vinje og Tokke
2. Økonomi løn – skatt - rekneskap
3. Landbruk – utmark – jord – skog - miljø
4. Næring - reiseliv
5. Kompetansebygging på kraftsaker

Politiske vedtak

Styringsgruppa har fastsett deltakinga i dei prioriterte tiltaka i tråd med matrisa under.

Politiske vedtak

Stadfesta i styringsgruppa 16.12.2016

Kommune	IKT	Økonomi	Landbruk	Næring	Kraftsak-komp.
Fyresdal	X	X	X	X	X
Kviteseid	X	X	X	X	X
Nissedal	X	X	X	X	X
Seljord	X	X	X	X	X
Tokke	X	X	X	X	X
Vinje	X		X		

Tiltak 1 - IKT

Bakgrunn

Kviteseid, Vinje og Tokke kommunar har starta eit arbeid knytt til etablering av eit nytt interkommunalt samarbeid innan IKT. Tiltaket i planen stør opp om dette arbeidet, og skal kartlegge om ein eller fleire av dei andre kommunane i regionen er interessert i å delta på sikt.

Konkret er det naturleg å greie ut deltaking for dei 3 Vest-Telemarkkommunane Nissdal, Fyresdal og Seljord.

Arbeidet er knytt til fylgjande tema:

A. Modell for etablering av samarbeid i Vinje, Tokke og Kviteseid
B. Mogleg inngangspunkt, konsekvensar, fordelar og ulemper for Seljord, Nissedal og Fyresdal ved å tiltre dette samarbeidet.

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Rapporten

Rapporten er skriven av Torbjørn Dybdahl, tidlegare prosjektleiar og direktør for etablering av kommunesamarbeidet Det Digitale Vestre Agder (DDV). Samarbeidet DDV vart oppretta i januar 2015, og er eit interkommunalt IKT-samarbeid eigd av ni kommuner i Vestre Agder; Flekkefjord, Farsund, Kvinesdal, Hægebostad, Mandal, Lindesnes, Marnardal, Audnedal og Åseral.


Konsulenten konkluderer slik:

1. Kommunane i Vest Telemark bør samarbeide om drift gjennom eitt driftsmiljø, med ein overgangsfase på ca. to år.
2. 3Kom kommunane bør involverast i oppstart og styring av driftsselskapet.
3. Kommunane i Vest Telemark bør samarbeide om digitalisering, føresett at dei kan samarbeide om drift.
4. Både drifts-selskapet og digitaliseringsselskapet bør organiserast etter §27[4].
5. IKT-driftsselskapet må styrast av samansett kompetanse, inkludera IKT- og drifts-kompetanse, overordna leing (rådmannsnivå) og digitaliseringskompetanse.
6. Digitaliseringsselskapet må styrast av samansett kompetanse inkludera administrativt leiarnivå (rådmenn), fagkompetanse, kompetanse på IKT og forretningsarkitektur samt digitaliseringskompetanse.
7. Politisk og administrativ topp-leiing har ansvar for digitalisering som ein av sine viktigaste oppgåver.

[4] §28-selskap har ein del utfordringar og er ikkje rekna som en aktuell eller reell modell i dag. Det er fortsatt ca. 14 slike samarbeid i dag, då gjerne der det er ein bykommune med mange småkommunar rundt. Eksempelvis Orkidé rundt Kristiansund, ikkje utan utfordringar.

A - Modell for etablering av samarbeid i Vinje, Tokke og Kviteseid

Samarbeid om IKT Drift




Modell for organisasjon er illustrert under. Dette vil ligne 3kom kommunane sin outsourcing til Aspit i Seljord.

Økonomien

Totalt sett vil det være langt meire omfattande og kostbart å ha to drifts-modellar i regionen, og dette vanskeleggjer også digitalisering. Rapporten tilrår på det sterkaste å jobbe for ein driftsorganisasjon, men at ein gjennomfører overgangen over ei periode på ca. to år, altså frå 2019.

Samarbeid om Digitalisering



Om ein ynskjer å modernisere og digitalisere må det som er installert på dei to driftsmiljøa endrast.

Digitalisering bør skje under eiga organisering i eit selskap som rapporten omtaler som «DigIvest».

B - Mogleg inngangspunkt, konsekvensar, fordeler og ulemper for 3Kom

Kommunane vert rådd til å arbeide saman under motto: ”Saman er ein sterkare.” Det er åpenbare fordelar ved å gå sammen om IKT drift, også fordi det ein driftar er basis for digitaliseringa. I prinsippet er det slik at alt som driftast, må endrast. Ein må imidlertid innsjå at drift og IKT ikkje bør eller kan leie arbeidet med digitaliseringa. Digitalisering får store konsekvensar for drift, men ikkje motsatt.

Styringsmodell for digitalise-

Arbeidsgruppa

- Rapporten vart gjennomgått i arbeidsgruppa 21. april utan å kome med ein felles konklusjon eller tilråding.

Referansegruppa

- På sikt, bør alle ha likt system og at desse ”snakkar saman”.
- HVO/HTV stør rapporten, og ser det som teneleg at alle kommunane tiltrer i samarbeidet på sikt. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

Møte 2. mai 2017 peiker på at sak til kommunane bør delast i to delar; drift og digitalisering.

Drift:

- Vinje-Tokke-Kviteseid, kjem til å etablere eit felles selskap på drift.
- 3kom skal på anbod i 2018.

Digitalisering:

- Alle er enige om at det må være ei felles satsing på digitalisering, og minimum eit felles digitaliseringsstyre i VT.
- Arbeidsgruppa for IKT-satsinga får mandat til å jobbe fram eit forprosjekt for oppretting av eit slikt felles samarbeid i Vest-Telemark.

Lokalisering

Lokalisering dreiar seg om arbeidsplassar, arbeidsmiljø, leiing og rett avstand til oppgåvene som skal løysast. I rapporten står det:

”Kompetanse, innsikt og erfaring er viktig, men kompetansemiljø er avgjerande.”

Lokaliseringsspørsmålet knytt til etableringa av felles IKT-drift i Tokke, Vinje og Kviteseid.

Mannskap og organisering i dag

Dagens mannskap i V.T.K. er totalt 7,1 årsverk i dag, fordelt slik:

- **Vinje:** 1 årsverk IKT-Leiar med fagleg ansvar for IKT Lag-1 organisert under einingsleiar. 2,5 årsverk IKT-Rådgjevarar.
- **Tokke:** 1 årsverk IKT-Leiar som har fagleg og personalansvar for IKT og i tillegg personalansvar for arkiv og resepsjon/kundemottak. Organisert direkte under rådmann. 1 årsverk IKT-konsulent.
- **Kviteseid:** 1 årsverk IKT-sjef organisert under økonomisjef med fagleg ansvar. 0,6 årsverk IKT-konsulent og 1 årsverk på engasjement p.t.

Planlagt bemanning med ny løysing
Dei tilsette er tilrådd skal vera fysisk tilstades i kvar kommune, men vera tilslutta eit samla miljø; ei felles eining "VT IKT Drift".

Ny løysing (VT IKT Drift) er tenkt etablera med dagens ressursar men dette må sjåast opp mot tenestekatalog og ansvarsområde. Ei bemanning på sju personar vil medføre begrensa mogelegheit for å bygge miljø og tilby ekstra tenester, eksempelvis vakt eller å drifte applikasjonar for alle seks kommunane. *Tri kommunar er betre enn ingen samarbeid, men det er ein kritisk liten storleik.*

Også for IKT og Drift er det slik at oppgåvene avdelinga får må stå i høve til kva dei tilsette er i stand til å levera, i den kvaliteten som er forventa. Styringa og leiinga for ei slik eining må tilretteleggje for at dei tilsette kan nå måla og forventningane, samstundes som styringsmodellen for digitaliseringa må ta høgde for modernisering, som også innfattar optimalisering og effektivisering.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Vinje, Tokke eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§ 27 hovudkontorkommune eller §28-1b
Arbeidsplassar:	7,1 årsverk med desentralisert med felles leiing
Fagområde:	IKT drift.

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Lokalisering av felles IKT drift for Kviteseid, Tokke og Vinje bør leggast til Tokke kommune.

Rådmannsutvalet får fullmakt til å legge fram forslag til organisering av etablering av digitaliseringsstyre. Dette kan finansierast av Skjønnsmidlar i 2018, organisert gjennom VTR.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

Lokalisering vart ein einige om på møtet i Rauland, og det skulle vere Tokke. Dei tilsette var ikkje klar over dette og ytra i eit møte i Vinje, ynskje om å lokalisere dette i Vinje. Etter deira møte er det oppretta dialog og me skal no ha møte om vidare arbeid og også diskutere plassering.

Tiltak 2 – Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på økonomi, løn, skatt og rekneskap som eit mogleg samarbeidsområde. Mandatet til arbeidsgruppa er:

Ein skal utgreie fordeler og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Ein bør sjå til arbeidet med tema ”økonomi” frå kommunereforma.
- Minikonkurranse gjennomførast
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Telemarksforsking har laga rapporten, og arbeidet er leia av Kjetil Lie. Han har hatt med seg Audun Thorstensen og Sondre Groven.

Rapporten peiker mellom anna på fylgjande:

- Gevinstrealisering ved auka samarbeid vil truleg først og fremst liggje i å vera mindre sårbare ved å få større fagmiljø, og dessutan få ei betre utnytting av dei samla ressursane i form av meir rasjonell utføring av arbeidsoppgåver.
- «Dersom ein ikkje gjer noko form for standardisering, vil dei eventuelle fordelane ved å samarbeide bli minimale. Ved å inngå eit samarbeid, der kvar kommune held på sine rutinar/arbeidsmåtar, vil rasjonalisering/økonomisk effekt bli nær 0 og ein vil dessutan sterkt redusere fordelane som måtte ligge i å redusere sårbarheten.»
- Ein ser føre seg at det vert sett ned ei eiga arbeidsgruppe som førebur overgangen til «samkøyringa» på ein best mogleg måte, dvs. syter for å få til så einsarta rutinar og praksis som råd mellom kommunane før samarbeidsløysinga trer i kraft.
- Det er ikkje grunnlag eller stemning for nokon slik samarbeidsmodell for økonomistyringsfunksjonar, dvs. på økonomisjef-nivå.
- Svært mange av dei tilsette innan økonomifunksjonane har ulike "kombinasjonsstillingar".

- Ved ei vertskommuneløysing der den enkelte tilsette får eit tilsettingsforhold i vertskommunen i aktuell stillingsbrøk, er det opplagt at det er leiar av samarbeidskonstellasjonen – og dermed til sjuande og sist rådmannen i vertskommunen, som er overordna.
- Ved overgang til ein samarbeidskonstellasjon må løns- og arbeidsvilkår for dei som inngår i samarbeidet "samkøyrast", i alle fall så lenge det leggast opp til tilsettingsforhold i vertskommunen.
- Dersom ressursinnsatsen på eit område det skal samarbeidast om er svært ulik mellom kommuane før etablering, må det handterast før samarbeidet blir etablert. Dette med tanke på å kunne fastsette ein mest mogleg treffsikker fordelingsnøkkel mellom kommunane i samarbeidet, der refusjon vert å innbetale til vertskommunen.
- Fyresdal blir peika på som aktuell kommune for vertskommunemodellen på skatt/innkrevjing.
- Nissedal vurderast som den mest aktuelle kommunen for vertskommunemodellen både på løn og rekneskap (inkl. fakturering).

Arbeidsgruppa

Alle i gruppa sluttar seg til å samarbeide om skatt og innkreving. Ein bør ikkje innstille på vertskommune, men la dette være åpent til diskusjon i lokaliseringsutvalet.

- Nissedal: Ynskjer ikkje samarbeid på rekneskap.
- Fyresdal og Tokke: Vil vurdere å tiltre eit samarbeid på løn og rekneskap ved trong (utskifting av personell).
- Kviteseid: Ynskjer å inngå samarbeid på alle områda.
- Seljord: Er positiv til vertskommune på løn, ikkje rekneskap.
- Alle fem ynskjer å inngå ei forpliktande samarbeidsavtale på alle fagområda innan økonomi.

Gruppa ser at overgangen frå dagens situasjon til å samle arbeidsoppgåver frå alle fem kommunane med det fyrste, kan føre til sårbarhet. Ein bør ha ein overgang frå dagens organisering til to eller tre kommunar, før alle kommunane skal inngå i samarbeidet. Standardisering mellom kommunane må ligge til grunn for å lukkast med eit meir omfattande samarbeid.

Referansegruppa

- Dei tilsette melder at ein ser seg tent med meir forpliktande samarbeid ved sjukdom, opplæring av nye m.m.
- HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

- Styringsgruppa stør arbeidsgruppas innstilling på skatt og innkrevjing.
- Styringsgruppa for dei fem deltakande kommunane ynskjer også eit samarbeid på løn.

Lokalisering

Det er forskjellige modellar for samarbeid på økonomi, der den mest ytterleggåande av dei er å samle alle funksjonar i ei organisering og samlokalisere alle stillingar etter såkalla samlokaliseringsmodell. Denne modellen inneber derfor samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark.

Tilsvarande samarbeid i andre kommunar er organisert som vertskommunesamarbeid etter § 28 i kommunelova. Dette er ein modell med felles organisering med ein **felles leiar, men kor ein har medarbeidarar lokalisert i kvar av kommunane**.

Dagens tilsette er fordelt slik:

- Seljord: 6
- Kviteseid: 5
- Nissedal: 6
- Fyresdal: 4
- Tokke: 4

Planlagt bemanning med ny løysing

Gevinstrealisering ved auka samarbeid vil truleg først og fremst liggje i å vera mindre sårbare ved å få større fagmiljø, og dessutan få ei betre utnytting av dei samla ressursane i form av meir rasjonell utføring av arbeidsoppgåver.

Områda ein ser gevinst med nytt forpliktande samarbeid:

- Samarbeid på skatt
- Samarbeid på løn
- Samarbeid på rekneskap

Kvart fagområde får ein felles leiar, men med medarbeidarar lokalisert i kvar kommune.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	25 ulike "kombinasjonsstillingar"
Fagområde:	Skatt/innkrevjing og løn. Rapporten tilrår også felles teneste på rekneskap.

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Nissedal, Kviteseid og Fyresdal vil innleie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid på alle område.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

Etter møte i Lokaliseringsutvalet 23. mai, var det møte mellom ordførerane og rådmennene i Fyresdal, Nissedal og Kviteseid der dei forhandla fram forslag til vidare samarbeid knytt til tenester på økonomi, løn, skatt og rekneskap. Forslaget til avtale med fordeling av arbeidsoppgåver var slik: Kviteseid skal ha landbruk, Nissedal skal ha plan, oppmåling og byggesak og Fyresdal skal ha økonomi.

15. juni 2017 var dette sak i Fyresdal kommune der dei gjorde fylgjande vedtak: Fyresdal Arbeiderparti ynskjer ikkje at ein skal gå vidare med planer om interkommunalt samarbeid med Kviteseid og Nissedal basera på framforhandla avtale. Grunngjevinga for dette er at publikumsretta tenester blir flytta vekk frå der kor folk bur og at det sterke fagmiljøet vi er i ferd med å bygge opp i næringshagen vil bli svekka. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette framlegget.

16. juni 2017 var det sak i Rådmannsutvalet knytt til mogleg etablering av nytt felles innkjøpssamarbeid med Midt-Telemark. Her vart rådmennene samde i at Jan Myrekrok (rådmann i Vinje kommune), fygjer opp kontakten med Midt-Telemark som gjev grunnlag til sak til kommunane i Vest-Telemark.

Tiltak 3 - Landbruk – utmark – jord – skog - miljø

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på landbruk – utmark – jord – skog - miljø som eit mogleg samarbeidsområde. Ein skal utgreie fordeler og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Vurdere tidlegare arbeid innafor dette området som grunnlag.
- Minikonkurranse på ekstern utgreiing
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

Rapporten

Det er tre ulike interkommunale samarbeidsmodellar som har vore lagt til grunn for utgreiingsarbeidet:

- Samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark
- Eitt fagmiljø – lokalisering i kvar kommune
- Effektar og krav til den enkelte kommunen med meir operativt samarbeid utan formell samanslåing

I tillegg til dei skisserte alternativa har ein også sett på fordelar og ulemper med å vidareføre dagens organisering (0-alternativet).

Samlokalisering kjem best ut

Av dei tre aktuelle samarbeidsmodellane er konklusjonen at samlokaliseringsmodellen kjem best ut. Det er denne modellen som i størst grad bidreg til å styrke fagmiljøa og bygge eit sterkt landbrukskontor i regionen. Eit samlokalisert kontor vil gi høve til spesialisering og fordeling av oppgåver mellom dei tilsette, noko som gjev grunnlag for betre og meir effektive tenester.

Arbeidsgruppa

Meir operativt samarbeid utan formell samanslåing, der ein beheld dei landbrukskontora ein har i dag. Dette inneber tettare samarbeid om ei rekkje oppgåver som t.d. kompetanseutvikling, felleshøyringar, samarbeid knytt til handsaming av lovsaker og

samarbeid om planleggings- og utviklingsoppgåver. Ein legg til grunn at ei slik løysing inneber auka krav til koordinering og at det må settast av kapasitet til dette.

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten. Dei tillitsvalde er samla om at rett organisering ved eventuelle formelle samarbeid er vertskommunemodell med hovudkommune (Kommunelova §28-1b). Dette gjeld alle dei framtidige samarbeida.

Styringsgruppa

- Fyresdal ynskjer å gå vidare på samarbeid med Kviteseid og Nissedal.
- Vinje, Tokke og Seljord ynskjer å gå vidare med arbeidsgruppas innstilling.

Lokalisering

Det er ulik haldning i arbeidsgruppa for oppretting av eit felles landbrukskontor i Vest-Telemark. Flytting av arbeidsstad og avstand til brukarane er noko av argumenta. Ein peikar også på at dei tilsette er ein del av fagmiljø som samarbeider med andre fagområde, i fyrste rekkje plan og næring. I styringsgruppa seier Fyresdal at dei vil inn i eit formellt samarbeid, og vil gå vidare med dette med Kviteseid og Nissedal.

Mannskap og organisering i dag

	Anslag stillingsprosent					**Stillings prosent total**	**Tal på stillingar totalt**
	Jord	Skog	Utmarksforvaltning	Landbruksrelatert miljø og klimaarbeid	Drift av kommunale jordbruks og skog eidedomar		
Vinje	100	50	25		25	200	2
Tokke	40	30	20	5	5	100	1
Fyresdal	90	60	30		10	190	2
Kviteseid / Nissedal	100	100	20	40		260	3
Seljord	40	40	50	50		180	2
SUM						930	10

Telemarksforsking tilrår samlokaliseringsmodellen

Modell som er tilrådd frå Telemarkforsking er å samle alle tilsette etter såkalla samlokaliseringsmodell. Denne modellen inneber derfor samlokalisering til eitt eller fleire kontor i Vest-Telemark.

Tilsvarande samarbeid i andre kommunar er organisert som vertkommunesamarbeid etter kommunelovas § 28. Det er berre samarbeid etter denne lova som gjev høve til å delegere mynde til ein annan kommune, og dette er såleis den einaste aktuelle organisasjonsforma for felles kontor med felles leiar.

Det er fleire som er opptatt av at eit eventuelt felles kontor ikkje blir lokalisert på ein stad for seg sjølv, men i eit miljø der ein er saman med andre som arbeider med tilgrensande fagområde. Dette kan ytterlegare forsterke dei positive effektane av eit landbrukssamarbeid.

Oppsummert:

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	§28-1b, vertskommuneløysing
Arbeidsplassar:	10 stillingar fordelt på 9,3 årsverk
Fagområde:	Jord, skog, utmark, miljø og klima, kommunal jord og skog

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

(Fyresdal) Nissedal og Kviteseid vil innleiie samtaler for å etablere eit utvida samarbeid.

Tiltak 4 - Næring - reiseliv

Bakgrunn

Fleire av kommunane har peika på næring og reiseliv som eit mogleg samarbeidsområde. Ein skal utgreie fordeler og ulemper for dei aktuelle områda, og gjennomføre konsekvensutgreiing for deltaking.

- Arbeidsgruppa samlast for å fastsette bestilling / kravspesifikasjon.
- Ein må legge til grunn pågåande prosess knytt til reiselivsorganiseringa i Telemark. Ein bør knytte til seg ekstern referansegruppe.
- Minikonkurranse gjennomførast
- Gjennomføring av oppdrag
- Beslutning om etablering av samarbeid

Prosjektets mandat er avgrensa til å identifisere områda der det er både økonomisk og fagleg grunnlag til å etablere samarbeid.

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Dagens modell, men med meire spissa og formalisert samarbeid med klarare rolledeling (skildra på side 41 og 42 i rapporten frå EY).

Grunngjeving er at ein slik legg til rette for å bli «suksessrike distriktskommunar».

Endringsforslaget

Basert på innspel frå kommunane, næringslivet og andre aktørar, resultat frå forskning og eigne vurderingar tilrår EY ikkje å utvide noko formelt samarbeid mellom kommunane innanfor næring- og reiselivsområda. Det bør likevel gjerast ei rekke andre endringar og avklaringar som vil møte innspel og betre legge til rette for nærings- og reiselivsutvikling i regionen. Endringsforslaget inneber ikkje at kommunane skal bruke meir ressurser til næringsutvikling og reiseliv, men inneber ei mindre omprioritering av bruken av midlane som allereie nyttast til nærings/reiselivsutvikling. Hensikten er å få betre resultat ved å oppretthalde dagens ressursbruk.

Arbeidsgruppa

Gruppa ser at rapporten frå EY er grundig og dekkande, og stør tilrådinga frå konsulenten som er ”Alternativ 1”: Dagens modell, men meir spissa og med meir formalisert samarbeid. (side 41 i rapporten).

Hovudgrunngjeving er at denne modellen legg best til rette for å bli ”suksessrike distriktskommunar”.

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Styringsgruppa

Styringsgruppa stør innstillinga frå arbeidsgruppa.

Lokalisering

- Kommunane held fram med sakshandsamingsoppgåver knytt til bruk av næringsfond, tildelingar o.l.
- Næringssjefar/næringskonsulentar er tilsett i kommunane. Sakshandsamingsoppgåver og «diverseoppgåver» vert utført av andre kommunale ressursar. Næringsapparatet i kommunane arbeider mer systematisk og samla for å dekke spesifikke kompetanseområde for heile regionen.
- Vest-Telemark Næringsutvikling bør minimum endre namn for å redusere forvirring rundt selskapets rolle i næringsutvikling. Det bør vurderast om VTNs og VTNUs oppgåver kan ligge i same selskap (VTN).
- Danne eit utviklingsforum der kommunane og næringslivet diskuterer utviklingsmoglegheiter for regionen. Deltakarar: nærings- og reiseliv, næringslag, destinasjonsselskap, næringshagane, etablerertenesten og kommunane, evt Innovasjon Norge og Telemark fylkeskommune.
- Det etablerast faste møteplassar for både nærings- og reiselivet i den enkelte kommune.

Oppsummert

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord eller Kviteseid
Aktuell organisering:	Ingen tilråding.
Arbeidsplassar:	?
Fagområde:	Opprette ein felles ressurs i Vest-Telemark* med spesifikk kompetanse knytt til tilskotmogleheiter, støtteordningar, søknadsbistand, tilbodskonkurransar til det offentlege osb.

* Vinje kommune bør inviteres til å delta på like premisser som de øvrige Vest-Telemarkkommunene

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Ein stør opp om innstillinga frå arbeidsgruppa. Vest-Telemarkrådet gjev ein oppmoding til styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS om å ta opp organiseringa av Vest-Telemark Næringsutvikling AS i tråd med tilrådinga i rapporten frå EY.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

1. juni 2017 sendte styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS ut brev der dei ber om dialog om kva rolle kommunane ynskjer VTNU (Vest-Telemark Næringsutvikling AS) og VTN skal ha framover. Det vart mellom anna vist til innhaldet i rapporten frå EY.

13. juni 2017 hadde Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) ordinær generalforsamling, der eigarane av VTN gav styret anmodning om å tilrettelegge for ein fusjon mellom VTNU og VTN gjeldande frå 31.12.2017.

22. august 2017 er styret i Vest-Telemark Næringsbygg AS (VTN) invitert til rådsmøtet for å legge fram korleis ein ser for seg drift og aktivitet i VTN etter ein eventuell fusjon.

Tiltak 5 - Kompetansebygging på kraftsaker

Bakgrunn

Det er trong for å vedlikehalde og bygge opp kompetanse innafor kraftsaker i dei 6 kommuane. Det kan være aktuelt å involvere Hjartdal og Tinn i arbeidet. Tiltaket har ein litt annan karakter enn dei andre tiltaka, sidan dette gjeld oppbygging av kompetanse og ikkje oppretting av ny samarbeidsordning.

Grunngjevinga for tiltaket ligg mellom anna i det økonomiske omfanget av kraftinntektene og kva dette betyr for kommunane. Vidare skal tiltaket også bidra til å spre viktig kunnskap på fleire hender og dermed redusert sårbarhet ved "generasjonsskifte" og moglege "politiske krumspring" i høve til regelverk/beskatning gjeldande konsesjonskraft.

Konkretisering av arbeidet

I drøftingane mellom kommunane er det klårgjort at ein i utgangspunktet ikkje ynskjer å etablere eit nytt selskap for dette. Ein vil sjå nærare på korleis kommunane kan styrkje eigen kompetanse og etablere rutiner for aktivt samarbeid innanfor dette området slik:

- Kartlegge status i kommunane mtp kompetanse, vidareutvikling av denne samt beredskap på området
- Fastsette samarbeidsform
- Gjennomføre fagleg deling
- Utforme rapport

Kommunane som deltar i utgreiinga er: Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord og Tokke.

Rapporten

Konklusjon på s 7-8 i rapporten seier:

1. Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge vidare på og utvikle etter som marknaden krev det. Det bør gjerast ei nærare vurdering av om konsesjonskraftsavtala mellom Telemark fylkeskommune og kraftkommunane bør reforhandlast med tanke på å sikre ordninga ved ein evt. regionreform.
2. Kontroll av eigedomsskattegrunnlaga frå SFS krev ein del kompetanse som kvar kommune bør ha sjølv. Om kommunen manglar slik kompetanse kan ein velje å kjøpe denne tenesta der kompetanse/kapasitet er å finne.
3. Med omsyn til taksering av overføringsanlegg for elektrisk kraft bør kommunane halde fram med å samarbeide om å kjøpe taksatortenestar, og sjølve ha

god kompetanse på kva for takseringsprinsipp som skal nyttast og kunne formulere gode grunngjevingar for takstane. Arbeid med ny taksering for skatteåret 2018 bør starte opp så snart som råd i regi av økonomisjefsnettverket.

4. Gjennomføring av vilkårsrevisjonar og vassforvaltningsarbeid. Kommunar kan kjøpe inn kompetanse om ein finn det tenleg, men må også ha ein saksansvarleg i kommunen som fylgjer opp.
5. Konsesjonshandsaming av ny kraft – her gjeld det same som for vilkårsrevisjonar.
6. Det bør gjennomførast ei nærare utgreiing/forstudie av spørsmålet om å bygge opp eit kompetansemiljø på kraftsaker – til dømes knytt til FAUN Naturforvaltning i Fyresdal.

Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa stør konklusjonen i rapporten.

Referansegruppa

HVO/HTV stør arbeidsgruppas innstilling til rapporten.

Styringsgruppa

Vest-Telemark kan bygge opp konsesjonskraftkompetanse for heile Telemark, og tida er inne for å konkretisere dette ved å bygge på rapporten.

Ein ser for seg at alle kommunane i Vest-Telemark (Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje) arbeider vidare for å konkretisere eit slik samarbeid – og ein tek gjerne med Tinn og Hjartdal. Det ligg føre forslag om å konkretisere eit forprosjekt der rådmann i Tokke vert peika på som prosjektansvarleg (PA).

Lokalisering

Vest-Telemark har eit godt system for forvaltning av konsesjonskraft som ein kan bygge på og utvikle vidare.

Oppsummert:

Aktuell lokalisering:	Nissedal, Fyresdal, Tokke, Seljord, Kviteseid eller Vinje
Aktuell organisering:	Førebuast i eige forprosjekt, rådmann i Tokke er PA
Arbeidsplassar:	?
Fagområde:	Kompetansemiljø på kraftsaker

Lokaliseringsutvalet si tilråding i møtet 23. Mai 2017:

Rådmann i Tokke kommune, Jon Kleiv er peika ut som PA for å gjennomføre eit forprosjekt, og driv prosessen vidare. Han inviterer til møte etter sommerferien.

Etter møtet i lokaliseringsutvalet:

10. august 2017
Prosjektansvarleg (PA) John Kleiv (rådmann i Tokke kommune) melder at arbeidet med å etablere eit samarbeid har utvikla seg til å kunne omfatte Tinn, Hjartdal og Odda i tillegg til Vest-Telemarkkommunane. Det vert jobba med kompetansekartlegging i kommunane, og ein vil samle seg til møte for vidare arbeid på LVK-møtet i Tromsø 23. – 25. august.

Involvering, informasjon og kvalitetssikring

Involvering

Involvering er ein kritisk suksessfaktor i arbeidet. Dette gjeld både på politisk nivå og mellom dei tilsette i kommunane. Ein har derfor fastsett ei prosjektorganisering med *lokaliseringsutval* og *referansegruppe der* tillitsvalde og hovudverneombod er representert i begge. PA og PL har dialog med referansegruppa og lokaliseringsutvalet i prosessen.

Lokaliseringsutvalet er samansett av ordførarane og rådmennene i kommunane samt ein representant frå HVO og ein frå HTV. Utvalet er knytt til arbeidet med lokaliseringsplan for interkommunale samarbeid.

Referansegruppa består av representantar for hovudverneomboda og frå dei hovudtillitsvalde i alle 6 kommunane.

Det er viktig at dei involverte i tidlegare arbeid knytt til kommunereformen kjenner seg att i løysingane, og ser dette som ei oppfylging av ein politisk og demokratisk prosess.

Involvering av tilsette

Tilsette og andre involverte er kontakta i gjennom arbeidet i arbeidsgruppene, og meldinga frå møtet med HTV og HVO 27. april 2017 konkluderer slik:

Vernetenesta og tillitsvalde ser på viktigheten av involvering i prosessen. Involveringa og prosessen har vore ryddig.

Videre peiker dei på fylgjande:

Det er viktig for dei tillitsvalde at dei er med i prosessen fram til beslutning om organisering blir tatt, og vidare i prosessen når samarbeida er beslutta.

Vi ser alikevel at nokon tilsette som er direkte ramma av aktuelle endringar har ynskt ein endå betre informasjonsflyt og involvering.

Informasjon

Informasjon om arbeidet i prosjektet er lagt ut på nettsida til Vest-Telemarkrådet www.vt-radet.no og delt med dei involverte i prosjektorganiseringa. Det har også vore pressedekning om saka i VTB, og informasjon om status og framdrift er gitt i Vest-Telemarkrådet og Vest-Telemarktinget.

Kvalitetssikring

Prosjektleiar har eit overordna ansvar for kvalitetssikring, og prosjektansvarleg og styringsgruppa er involvert i vurderingar knytt til dette arbeidet.

Eksisterande samarbeid og selskap

Oversyn - interkommunale samarbeid der Vest-Telemarkkommunane er med:

Namn på samarbeid	Kommunar i Vest-Telemark som deltek	Organisasjonsform	Føremål	Lokalisering
Vest-Telemarkrådet	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	§27 samarbeid	Regionråd for kommunane i Vest-Telemark	Kviteseid
Telemark kommunerevisjon IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kommunal revisorteneste for alle kommunane i Telemark, Larvik og Lardal kommune, samt Telemark fylkeskommune	
Agder og Telemark Kontrollutvalssekretariat IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Kontrollutvalssekretariat for alle kommunane i Telemark og Agder, samt fylkeskommunane	
Midt-Telemark arbeidsgjevarkontroll	Seljord, Vinje og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Oppgåva vår er å kontrollere om arbeidsgjevarane i desse kommunane gjennomfører forskotstrekk og reknar ut arbeidsgjevaravgift i samsvar med regelverket i skattebetalings- og folketrygdlova. Med jamne mellomrom gjennomfører vi kontroll av rekneskap og bilag hos næringsdrivande.	Bø
IKT-samarbeid	Vinje og Tokke	Vertskommunesamarbeid - Vinje	Felles drift av serverar og programvare	Vinje


BTV Innkjøp	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles støttefunksjon for eHandel i kommunane. Eigast av fylkeskommunane.	
Skatt Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av tenester		Kviteseid
Løn Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av tenester		Nissedal
Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles arkiv for kommunar i Vestfold, Telemark og Buskerud, samt fylkeskommunane	Kongsberg
Legevaktsamarbeid 1	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld, natt og helg	Vinje
Legevaktsamarbeid 2	Seljord og Kviteseid	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på natt	Notodden
Legevaktsamarbeid 3	Seljord og Kviteseid	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld og helg	Seljord
Legevaktsamarbeid 4	Nissedal og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Legevakt på kveld, natt og helg	Arendal
Samarbeid om akutt hjelp 1	Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Samarbeid om akutt hjelpsenger	Vinje
Samarbeid om akutt hjelp 2	Nissedal og Fyresdal	Vertskommunesamarbeid	Samarbeid om akutthjelpsenger	Arendal
Samarbeid om akutt hjelp 3	Seljord og Kviteseid	Kjøp av tenester	Gjensidig avtale om kjøp av akutt hjelp-plass ved behov	
Jordmorberedskap i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Døgnberedskap på DPS i Seljord	Seljord

Samhandlingskoordinator	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles samhandlingskoordinator i Vest-Telemark.	Vinje
Gjeldsrådgjeving i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Kjøp av tenester	Felles gjeldsrådgjevar i Vest-Telemark.	Seljord
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste (PPT) IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles PP-teneste i Vest-Telemark	Kviteseid
Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Barneverntenesta	Kviteseid
Alarmsentralen 110	Alle 18 kommunane i Telemark	Vertskommunesamarbeid	Betener mottak av meldingar om brann og ulukker frå innbyggjarane i Telemark (flyttast til Tønsberg)	Skien
Vest-Telemark brannvesen IKS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Felles brannsjef og førebyggjande brannvern	Tokke
Renovest IKS	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje	Interkommunalt selskap	Avfallsselskap	Kviteseid
Indre Agder og Telemark Avfallsselskap IKS	Nissedal	Interkommunalt selskap	Avfallsselskap	
Krisesenteret i Telemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Vertskommunesamarbeid	Krisesentertilbod som omfattar kommunane i Telemark	Skien
Interkommunalt plankontor for Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av teneste	Plankontor og byggesaksbehandling	Nissedal
Landbrukskontoret for Kviteseid og Nissedal	Kviteseid og Nissedal	Kjøp av teneste	Felles landbrukskontor	Kviteseid
Kvito AS	Vinje, Tokke, Kviteseid og Nissedal	Aksjeselskap	Attføringsbedrift	


Seljord personal AS	Seljord	Aksjeselskap	Attføringsbedrift eigd 100 prosent av Seljord kommune	
Telemarks Lys AS	Fyresdal	Aksjeselskap	Attføringsbedrift eigd 100 prosent av Fyresdal kommune	
Skien Dalen Skipsselskap AS	Kviteseid og Tokke		Drift av kanalbåten Victoria	
Telemarkskanalen regionalpark	Kviteseid og Tokke	Vertskommunesamarbeid - Telemark fylkeskommune	Føremålet er å auke attraktiviteten til Telemarkskanalen som reisemål og bustad. Samarbeid mellom dei seks kanalkommunane, Telemark fylkeskommune og Telemarkskanalen FKF	Skien
Vest-Telemark kraftlag AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Kraftselskap	Tokke
Vest-Telemark næringsbygg AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Eigedomsselskap for øvre Telemark. Hjartdal og Drangedal deltar òg.	Kviteseid
Telemark bilruter AS	Vinje, Fyresdal, Seljord og Tokke	Aksjeselskap	Busselskap	Seljord
Vest-Telemark blad AS	Seljord, Kviteseid, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Lokalavis	Kviteseid
VisitTelemark	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Felles reiselivsselskap i Telemark	Skien
E134 Haukelivegen AS	Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje	Aksjeselskap	Interesseorganisasjon for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23	Vinje

Matrisa er frå rapporen ”Kommunestruktur i Vest-Telemark”, skriven av Telemarksforsking datert 04.01.2016.


Rapportane




IKT
Skriven av: TDAK, Torbjørn Dybdahl
Antal sider: 57
Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/1_IKT_02.05.2017.pdf




Økonomi: løn – skatt – rekneskap - innkjøp
Skriven av: Telemarkforsking, Kjetil Lie, Sondre Groven og Audun Thorstensen
Antal sider: 27
Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/2_Okonomi_02.05.2017.pdf



Landbruk
Skriven av: Telemarkforsking, Bent Aslak Brandtzæg og Audun Thorstensen
Antal sider: 61
Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/3_landbruk_02.05.2017.pdf



Næring - Reiseliv
Skriven av: Ernst & Young, Trine Riis Groven
Antal sider: 43
Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/4_naering_02.05.2017.pdf



Kompetansebygging på kraftsaker
Skriven av: Olav Bjørn Bakken
Antal sider: 8
Lenke: http://www.vt-radet.no/wp-content/uploads/2017/05/5_kraft_02.05.2017.pdf

Fyresdal kommune

Arkiv: F30
Saksmappe: 2017/899-3
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 07.09.2017

Saksframlegg

Busetting av flyktningar i 2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	31/17	28.09.2017
Kommunestyret	40/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har:
Kommunestyret.

Dokument i saka:
- Brev frå KS og IMDI med informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018, datert 23.06.17.

Bakgrunn for saka:

I mail av 25. august skriv KS m.a.:

"Flyktningestrømmen til Norge har snudd fra nesten dramatisk høy i 2015 til svært lav i 2017. Mens kommunene skal bosette 12500 i 2017, forventes tallet for 2018 å bli nærmere 4000. Det betyr at alle kommuner får en sterk reduksjon i anmodningstallet, og flere vil ikke få noen anmodning. Et så lite antall kan neppe fordeles på 400 kommuner.

Spørsmålet til kommunene er følgende:
1. *Hvilke konsekvenser får en sterk nedgang i anmodningstallet eller ingen anmodning for videre drift av flyktningarbeidet i din kommune?*
2. *Er det spesielle forhold rundt arbeidet i din kommune som tilsier at man bør opprettholde et visst antall?*
3. *Kan kommunene opprettholde driften ved å bosette annet hvert år i en 2-4 års periode?*
4. *Ønsker kommunen å avvikle bosettingsarbeidet i 2018?*
5. *Har kommunen et eget tilbud til enslige mindreårige som krever bosetting av nye for videre drift?*
6. *Ønsker kommunen å avvikle bosetting av enslige mindreårige fra 2018?*

Det er viktig for KS å få tilbakemeldinger innen dette skal diskuteres i Nasjonalt utvalg for bosetting av flyktninger den 4. september. Det betyr at vi må få inn svar innen 1. september. Beklager en så kort tidsfrist, men vi har forstått at dette er en sak av stor viktighet for mange kommuner.

Vurdering:
*Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 der det heiter; Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.*Grunna den korte svarfristen har ordføraren gitt tilbakemeldingar frå Fyresdal kommune direkte i KS-styret. Det er likevel viktig at kommunestyret formelt drøftar denne saka da dette er viktige val for kommune

både på kort og lang sikt. Pr. 28 august i år var det 23 flyktningeborn i skulen og 13 i barnehagen. Dette gir mange utfordringar, ikkje minst med språkopplæring. Utfordringane har samla sett ført til at det er sett inn mykje ekstra ressursar som er med på å gje eit vesentleg meirforbruk for sektoren i år.

Vi ser også ei endring i busettingsmønsteret for flyktningar da dei blir verande lenger i kommunen og sekundærflyttinga har minka. Dvs. at fleire har fått seg arbeid og nokon har kjøpt seg hus i kommunen. Dette er bra.

Det kjem tydelege meldingar inn frå sektor for oppvekst og kultur at dei ser store vanskar med å halde fram med å ta imot så mange born kvart år som det vi har gjort hittil med ei avtale med IMDI om å ta i mot 10 flyktningar i året med familiegjenforening i tillegg. Fyresdal kommune har vore tydeleg på å ikkje take imot einslege mindreårige eller einslege menn, kun familiar og da primært med ungar i barnehage og opp til og med mellomsteget på skulen.

For Telemark Lys AS (TL) som organisererer mottaket for oss vil ein reduksjon i talet på flyktningar som kjem vere ei ulempe. Dei har gjort tilsettingar basert på ein jamn tilgang på flyktningar med omlag 10 i året. Det er ingen akutt situasjon for TL om mottak av nye flyktningar opphøyrer for eit år, men dersom det skulle vare ved vil det kunne skape problem.
Det at fleire flyktningar ynskjer å bli buande i kommunen er eit signal på at integreringa lykkast og eit godt argument for at Fyresdal kommune bør halde fram med å ta i mot flyktningar. For tida bur det 63 personar med flyktningebakgrunn i kommunen.

For ein liten kommune som Fyresdal er også talet på flyktningar viktig for den samla økonomien da rammeoverføringane kommunen får blir regulert gjennom talet på innbyggjarar der flyktningane tel med.

Det er Fyresdal kommune som har ansvaret for dei flyktningane som kjem og vi må etterprøve at kvaliteten er god i alle ledd. Samla sett meiner vi nå å ha nådd ei grense for om det er tilrådeleg å ta i mot fleire flyktningar til neste år og rådmannen vil difor tilrå at ein ikkje tar imot fleire flyktningar i 2018.

I løpet av hausten 2018 må ein så vurdere om ein kan ta imot nye flyktningar og på kva nivå dette skal vere på. Behovet for å kunne ta i mot flyktningar kan endre seg mykje. Behovet for 2018 er busetting av 4440 personar som er omlag ein tredjedel for inneverande år.
Ein veit at stor uro ute i verda kan føre til at behova endrast fort og at behova for seinare år kan bli større. Kor mange flyktningar det vil vere behov for å busette i Fyresdal framover er difor svært usikkert.

Konklusjon:
Fyresdal kommune tek ikkje imot flyktningar i 2018.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune tek ikkje imot flyktningar i 2018, men ser det som ønskjeleg å kunne ta imot nye flyktningar frå 2019 og utetter på omlag same nivå som før med familiar på inntil 10 personar.
Fyresdal kommune tek stilling til mottak av nye flyktningar etter behov og dialog med IMDI om dette i løpet av 2018.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Fyresdal kommune tek ikkje imot flyktningar i 2018, men ser det som ønskjeleg å kunne ta imot nye flyktningar frå 2019 og utetter på omlag same nivå som før med familiar på inntil 10 personar.
Fyresdal kommune tek stilling til mottak av nye flyktningar etter behov og dialog med IMDI om dette i løpet av 2018.

Kopi: IMDI/KS.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann

Fyresdal kommune

Arkiv: C84
Saksmappe: 2017/929-4
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 13.10.2017

Saksframlegg

Kommunale vigsler - endring i ekteskapslova

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	41/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg i saka:
- Rundskriv Q 11/2017 om kommunale vigslar.

Bakgrunn for saka:
Oppgåva med borgarleg (livssynsnøytral) vigsel er frå 1.jan 2018 overført frå domstolane til kommunane.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 der det heiter; Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.

Rådmannen ventar ikkje stor etterspurnad etter borgarleg vigsel i Fyresdal, men med litt utradisjonell tenking kan også måten dette blir gjort på skape eit positivt omdøme for kommunen.

Plikta til å gje tilbod om vigsel gjeld frå 1.jan 2018, og minst ein av brurefolket må vere busett i kommunen. I tillegg gjeld plikta utanlandske statsborgarar som ynskjer å gifte seg i kommunen.

Vigselen skal i utgangspunktet vere gratis, men det kan takast betaling for å dekkje ekstra kostnadar om brurefolket ynskjer ein annan stad for vigselen enn kommunestyresalen eller utanfor normal arbeidstid – til dømes i helg.

Kommunen kan også velje å tilby vigsel for utanbygds brurefolk, og har då høve til å krevje dekt det som vigselen kostar fullt ut.
Ev betaling skal vere avklart med brurefolket på førehand.

Ordførar og varaordførar er gjeve vigsels rett direkte i lova (ekteskapslova §12). I tillegg kan kommunestyre peike ut kommunalt tilsette eller folkevalde som vigslar.

Kommunen skal ha eit høveleg lokale, men kan også godkjenne at vigsel vert gjennomført andre stader – til dømes utandørs, på eit hotell i kommunen, i kulturhuset, i brurefolket sin heim eller annan stad brurefolket måtte ha ynskje om.

Vigslar skjer ofte i tidsromet juni – aug, så ferieperioden kan vere eit tidspunkt der vigslarane må dele på oppgåva.

Smeden i Fyresdal Øyvind Klausen har i fleire år hatt tradisjon for å smi i hymens lenker. Dette er eit uttrykk for å gifte seg, men er ikkje eit vielesesrituale.
Dette har vore populært og smeden har reist land og strand rundt for å delta i bryllaup.
Når vi først er så heldig å ha eit slikt tilbod i kommunen kan det vere naturleg å sjå om smeden også kan gjennomføre sjølve vigslinga.

Om han ikkje er tilsett i kommune eller har eit politisk verv er det ikkje heimel for det, men om det mellom kommunen og smeden opprettast ei tilkallingsavtale der han får eit tilsettingsforhold bør ein kunne legge til rette for dette.
Dette kan vere eit ekstra tilbod for dei som ynskjer borgarleg vigsel i kommunen utover å kunne bruke ordførar og varaordførar som dei og vil ha eit tilbod om.

Konklusjon:
Kommunestyret godkjenner retningslinene for borgarleg vigsel frå 1. januar 2018 slik dei kjem fram i innstillinga til rådmannen og ber rådmanne opprette ei arbeidsavtale med smeden Øyvind Klausen, slik at han kan vere vigslar i tillegg til ordførar og varaordførar.

Innstilling frå rådmannen:

1. Vigslarar i Fyresdal er ordførar, varaordførar og Øyvind Klausen.
   Vigslarane avtalar seg i mellom kven som er vigslar i kvart høve.

2. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast på annan stad enn i kommunestyresalen, og om det skal krevjast kostnadsdekning.

3. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.

4. Når varaordførar er vigslar gjevast godtgjersle som for kommunestyremøte pr vigsel, samt dekning av ev tap i arbeidsforteneste.

5. Rådmannen utarbeider ei tilkallingsavtale mellom kommunen og smeden Øyvind Klausen som da etter ynskje frå brurefolket kan nytte han ved vigslar. Kostnadane med denne løysinga dekkast av brurefolket.

Ketil O. Kiland	
rådmann	

DET KONGELIGE BARNE-
OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Rundskriv

Nr.	Dato
Q-11/2017	21. september 2017

Kommunale vigsler

Kort om inngåelse av ekteskap

Ekteskap blir inngått ved at brudefolkene møter for en vigsler. Mens begge er til stede skal de erklære at de ønsker å inngå ekteskap med hverandre. Deretter skal vigsleren erklære dem for ektefolk.

Før ekteskapet kan inngås må ekteskapsvilkårene prøves. Det vil si at det skal kontrolleres at de som skal gifte seg oppfyller vilkårene i ekteskapsloven. Det er folkeregistermyndigheten (skattekontoret) som prøver at ekteskapsvilkårene er oppfylt.

Lovendring

Fra 1. januar 2018 overtar kommunene ansvaret for borgerlige vigsler. Bestemmelsene om inngåelse av ekteskap følger av ekteskapsloven kapittel 3. Lovendringene som er vedtatt er (endringer i kursiv):

§ 12 Vigslere

Vigslere er:

a) prest i Den norske kirke, og prest eller forstander i et registrert trossamfunn, eller seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn som mottar tilskudd etter lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn når Kongen har godkjent formen for inngåelse av ekteskap.

b) *ordførere, varaordførere og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyret selv gir slik myndighet.*

c) *utsendt* utenrikstjenestemann, jf. *utenrikstjenesteloven* § 14.

d) *Sysselmannen på Svalbard. Sysselmannen kan delegere vigselsmyndighet til tjenestemenn ved sysselmannskontoret.*

e) særskilt vigsler oppnevnt av departementet i tilfeller der det er behov for det på grunn av lange avstander eller av andre grunner. Oppnevningen gjelder for fire år.

Departementet *kan gi forskrift om* tildeling og tilbaketrekking av vigselsrett for seremonileder eller tilsvarende i livssynssamfunn.

§ 12 a Vigsler i kommunen

Kommunen skal ha et tilbud om vigsel for kommunens innbyggere og personer som ikke er bosatt i Norge, men som fyller vilkårene for å inngå ekteskap i Norge etter kapittel 1.

Departementet kan gi forskrift om kommunalt vigselstilbud med regler om at vigselstilbudet skal være tilgjengelig og om betaling for vigsler.

Vigselsmyndighet i kommunen

Lovendringen innebærer at ordførere, varaordførere og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyret selv gir slik myndighet skal gjennomføre vigsler. Ordførere og varaordførere får en direkte myndighet etter loven. I tillegg kan kommunestyret gi vigselsmyndighet til personer som er ansatt eller folkevalgt i kommunen. Med ansatt menes både fast ansatt og midlertidig ansatt. Kommunen kan også velge å ansette noen for denne oppgaven. Beslutningen om hvem som skal ha vigselsmyndighet, i tillegg til ordfører og varaordfører, skal tas av kommunestyret selv og kan ikke overlates til andre.

Kommunen må selv vurdere hvem som er egnet for oppgaven. Det er ikke krav om særlig kompetanse eller erfaring. I lovforarbeidene[1] blir det uttalt at det kan være hensiktsmessig at det også tilbys vigslere som er politisk nøytrale.

Vigselsmyndigheten vil opphøre dersom en folkevalgt ikke lenger er folkevalgt eller vigslerens ansettelsesforhold i kommunen avsluttes. Vigselsmyndigheten vil også opphøre dersom kommunestyret trekker tilbake tildelingen.

Kommunen må ha oversikt over hvem som til enhver tid er vigslere. At vigsler har vigselsmyndighet er et vilkår for at ekteskapsinngåelsen er gyldig. For å unngå hyppige skifter av hvem som har vigselsmyndighet, og eventuell usikkerhet knyttet til dette, anbefaler departementet at det gis vigselsmyndighet for en lengre periode. Det anbefales også at det ikke tildeles vigselsmyndighet bare for engangstilfeller.

Det kan være hensiktsmessig at kommunen gir informasjon om hvem som er vigslere i kommunen på sine nettsider. Det vil gi innbyggerne et godt tilbud, ved at de vet hvem som er vigslere og hvem de kan henvende seg til. Det vil også kunne lette arbeidet for folkeregistermyndigheten og andre myndigheters kontroll av at vigselen er gyldig inngått.

Vigsler skal sammen med vigselsmeldingen til folkeregistermyndigheten legge ved dokumentasjon for sin vigselsmyndighet, jf. forskrift om registrering og melding av vigsel § 5. Dette innebærer at tildeling av vigselsmyndighet må være skriftlig.

En kommunal vigsler kan gjennomføre en vigsel i hele landet. Uansett hvor vigselen gjennomføres, handler vigsleren på vegne av den kommunen han er folkevalgt eller ansatt i, for eksempel når det gjelder regler for dekning av merutgifter ved vigselen.

[1] Prop. 91 L (2016-2017) Endringer i ekteskapsloven og bustøttelova m.m. (oppgaveoverføring til kommunene)

Dersom kommuner ønsker å inngå interkommunalt samarbeid om vigselsoppgaven, må dette gjøres innenfor reglene i ekteskapsloven og kommuneloven. Dette innebærer blant annet at ordfører og varaordfører i kommunene som samarbeider, fortsatt har vigselsmyndighet og det er kommunestyrene selv som må gi myndighet til ansatte eller folkevalgte i de deltakende kommunene som skal få slik myndighet. Denne oppgaven vil innebære myndighetsutøvelse, og det vil derfor være vertskommunemodellen etter reglene i kommuneloven kapittel 5 A som er egnet samarbeidsmodell.

Tilbud om vigsel

Kommunen har plikt til å ha et tilbud om vigsel for kommunens innbyggere og personer som ikke er bosatt i Norge, men som fyller vilkårene for å inngå ekteskap i Norge, jf. ekteskapsloven § 12 a.

Det er tilstrekkelig at én av brudefolkene er bosatt i kommunen for at plikten gjelder. Hvem som anses å være bosatt i kommunen følger av de alminnelige regler om folkeregistrering av bostedsadresse, jf. folkeregisterloven med forskrifter.

Ekteskapsloven bygger på en forutsetning om at de som oppfyller vilkårene for inngåelse av ekteskap og kravene til prøving, har krav på vigsel i Norge. Det gjelder også personer som bare oppholder seg midlertidig i landet. Kommunenes tilbud om borgerlig vigsel gjelder både for utenlandske brudefolk og for norske statsborgere som er bosatt i utlandet. Disse gruppene skal også få benytte seg av vigselstilbudet i kommunen, uten å måtte betale for dette. En slik ordning er videreføring av praksis fra borgerlige vigsler i domstolene.

Kommunen kan selv bestemme om de vil tilby vigsler for andre kommuners innbyggere.

Forberedelse til vigselen

De som tar kontakt med kommunen om vigsel må få beskjed om at de må ha gyldig prøvingsattest på tidspunktet for ekteskapsinngåelsen, jf. ekteskapsloven § 14 første ledd jf. § 10. Det er folkeregistermyndigheten som utsteder prøvingsattest, og den er gyldig i fire måneder fra utstedelse. Prøvingsattesten gis på bakgrunn av egenerklæring fra begge brudefolkene, forlovererklæring og eventuelle andre dokumenter (oppholdstillatelse/ dokumentasjon på skifte/ anerkjennelse av utenlandsk skilsmisse). Skjemaer finnes på skatteetatens hjemmeside eller hos statlig blankettarkiv. Folkeregistermyndigheten skal på bakgrunn av disse opplysningene prøve om ekteskapsvilkårene etter norsk rett er oppfylt.

Kommunen bør ha rutiner for når vigsel kan avtales med kommunen, for eksempel tidligst fra det tidspunkt det foreligger gyldig prøvingsattest.

Kommunen kan selv bestemme hvor og når de skal tilby vigsler. Det er likevel viktig at tilbudet er tilgjengelig. Tilbudet i kommunen skal dekke etterspørselen på en god måte, jf. forskrift om kommunale vigsler § 1. Departementet legger til grunn at kommunene har rådhus, kommunehus eller andre lokaler som er egnet og kan gjøres tilgjengelige for vigsler.

Gjennomføring av vigselen

I lovforarbeidene har departementet uttalt at det er viktig at kommunen legger til rette for vigselens seremonielle karakter, uavhengig av hvem som gjennomfører vigselen. Rammen

rundt vigselen, som bruk av det borgerlige vigselsformularet og egnet lokale, er av stor betydning for om seremonien oppleves som høytidelig og verdig.

Det borgerlige vigselsformularet, som er en tekst som vigsler leser under seremonien, skal benyttes ved gjennomføring av borgerlige vigsler. Vigselsformularet setter en ramme rundt hva vigselsseremonien skal inneholde. Seremonien kan tilpasses med for eksempel tekst og musikk utover dette, dersom brudefolkene ønsker det. Det er opp til kommunen å vurdere hva de vil tillate av ekstra innhold.

Før vigsel foretas, skal vigsleren motta prøvingsattesten som viser at ekteskapsvilkårene er prøvet, jf. ekteskapsloven § 14. Brudefolkene bør legitimere seg for å godtgjøre at de er de samme personene som det er foretatt prøving for. Til dette kan for eksempel pass, førerkort og bankkort fremlegges. Om legitimasjonen skal godtas, beror på en konkret vurdering.

To vitner må være til stede under seremonien, jf. ekteskapsloven § 11 andre ledd. Dette kan være forloverne eller to andre myndige personer.

Det borgerlige vigselsformularet er vedtatt på bokmål og nynorsk.[2] Det finnes oversettelser til samisk, engelsk, tysk, fransk, spansk og russisk. Alle versjonene kan finnes på Bufdir sine hjemmesider.

Det følger av ekteskapsloven § 14 andre ledd at en vigsler som kjenner til at et vilkår for å inngå ekteskap ikke er oppfylt, ikke skal foreta vigsel. Dersom vigsler finner at det er grunn til tvil om et vilkår er oppfylt, kan vigselen utsettes og brudefolkene pålegges å skaffe bevis for at vilkåret er oppfylt.

Kommunale vigslere har ellers ikke grunnlag for å nekte å gjennomføre en vigsel, jf. ekteskapsloven § 13 og § 14.

Melding om vigsel og registrering

Prøvingsattesten fra folkeregistermyndigheten utgjør også melding om vigsel og vigselsbok (skjema Q-0309). Skjemaets del om Melding om vigsel/ Vigselsbok skal fylles ut av vigsler. Samtlige spørsmål på vigselsmeldingen skal besvares så langt de passer. Brudefolkene og vitnene skal også undertegne vigselsmeldingen. En bekreftet kopi skal returneres til folkeregistermyndigheten senest innen tre dager, jf. forskrift om registrering og melding av vigsel § 4.

Vigsler skal sammen med vigselsmeldingen legge ved dokumentasjon for sin vigselsmyndighet, jf. forskrift om registrering og melding av vigsel § 5. For ordfører og varaordfører er det tilstrekkelig med dokumentasjon på vervet.

En bekreftet kopi av skjemaet gis til brudefolkene og utgjør midlertidig vigselsattest. Endelig vigselsattest utstedes av folkeregistermyndigheten.

Kommunen har ansvar for å føre vigselsbok med oversikt over ekteskap som er inngått i kommunen, jf. forskrift om registrering og melding av vigsel § 1 første ledd bokstav e). Det originale skjemaet "Prøvingsattest/Melding om vigsel/Vigselsbok", som beholdes av vigsler,

[2] https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-01-19-4263?q=vigselsformular

utgjør vigselsboken. Det er ellers ikke spesifikke krav til hvordan vigselsboken skal føres eller oppbevares.

Økonomi

Forskrift om kommunale vigsler har bestemmelser om betaling for vigsler.

Det følger av forskriften § 2 at vigselstilbudet skal være gratis for kommunens egne innbyggere og for personer som ikke er bosatt i Norge, men som fyller vilkårene for å inngå ekteskap her.

Det følger av § 2 andre ledd at kommunen kan ta betaling for nødvendige merkostnader dersom kommunen tilbyr vigsel ut over det vanlige tilbudet om tid og sted. Med vanlig tid menes både tidspunktet for vigsel og vigselens varighet. Brudefolkene skal informeres om kostnaden i god tid før vigselen.

Det følger av § 3 at dersom kommunen tilbyr vigsel for andre enn de som er nevnt i § 2 (egne innbyggere og personer som ikke er bosatt i Norge), kan kommunen ta betaling for nødvendige kostnader til vigselen. Brudefolkene skal informeres om kostnaden i god tid før vigselen.

Kostnader som kan kreves dekket av kommunen etter forskriften § 2 og § 3 er for eksempel utgifter for vigsler, transport og oppvarming av lokale. Det er ikke anledning for kommunen til å ta betaling ut over dekning av nødvendige (mer)kostnader.

Krav om betaling for vigsler etter forskriften § 2 andre ledd og § 3, bør fastsettes i egne bestemmelser, jf. forskriften § 4. Slike bestemmelser bør angi at det kan tas betaling, hvilke type kostnader betalingen skal dekke og hvilke satser som gjelder for de enkelte kostnadene.

Ugyldige ekteskapsinngåelser

En vigsel er av seremoniell karakter, men en vigsel er også en offentligrettslig handling, og vigsler har ansvar for å forvisse seg om at vilkårene for inngåelse av ekteskap er oppfylt.

Ekteskapsloven § 16 har bestemmelser om ugyldige vigsler. For at en ekteskapsinngåelse skal være gyldig må fremgangsmåten i ekteskapsloven § 11 første ledd, jf. § 12, følges. Det innebærer at begge brudefolkene må være til stede under vigselen, og erklære at de ønsker å inngå ekteskap med hverandre, samt at vigsleren må erklære dem for ektefolk. Vigselen vil være ugyldig hvis den er foretatt av en person som ikke har myndighet til å foreta vigsler. Hvis en vigsel blir gjennomført av en kommunalt ansatt eller folkevalgt som ikke har fått myndighet til dette av kommunestyret, vil det innebære at ekteskapet ikke er gyldig.

En vigsel vil også være ugyldig hvis det ikke forelå gyldig prøvingsattest på vigselstidspunktet, jf. ekteskapsloven § 10.

Hvis de formelle reglene for inngåelse av ekteskap ikke er fulgt, innebærer det at ekteskapet ikke anses for å være inngått og ekteskapet vil da heller ikke ha noen rettsvirkninger. Etter begjæring fra en av partene, kan et ugyldig ekteskap likevel godkjennes. Det er Fylkesmannen i Oslo og Akershus som behandler søknader om etterfølgende godkjenning av ugyldige ekteskap. For at fylkesmannen kan gi etterfølgende godkjenning, må det foreligge *«særlige grunner»*, jf. ekteskapsloven § 16 andre ledd. Departementet understreker at adgangen til å gi etterfølgende godkjenning er en unntaksregel.

Departementet oppfordrer på denne bakgrunn vigsler til å være påpasselig med at formalitetene ved vigselen blir fulgt. Vi viser i den forbindelse til den belastningen en ugyldig ekteskapsinngåelse kan medføre for brudefolkene.

Det framgår av ekteskapsloven § 1b at ekteskap skal inngås av egen fri vilje og med eget samtykke. Et ekteskap som ikke er inngått frivillig kan bli kjent ugyldig av domstolene, jf. ekteskapsloven § 16 tredje ledd.

Rettskilder

Lov om ekteskap av 4. juli 1991 nr. 47

Forskrift om kommunale vigsler av 18. september 2017 nr. 1421

Forskrift om registrering og melding av vigsel av 20. november 1992 nr. 854

Forskrift om endring i forskrift om registrering og melding av vigsel av 18. september 2017 nr. 1422

Forarbeidene til lovendringen om overføring av vigselsmyndighet fra domstolene til kommunen finnes i Prop. 91 L (2016-2017), kapittel 3 og Innst. 376 L (2016-2017)

Rundskriv Q-20/2016 om ekteskapsloven

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2017/1345-1
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 13.10.2017

Saksframlegg

Godtgjering til styret for omstillingskommuneprosjektet

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	42/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Bakgrunn for saka:
Styret for omstillingsarbeidet i kommunen har i sak 15/17 gjort slikt vedtak:
Medlemer av styret for strategi- og utviklingsfasen, og omstillingsstyret blir honorert på same måte som ved deltaking i politiske møte i Fyresdal kommune. For ordførar og offentleg tilsette går dette arbeidet inn som ein del av det ordinære arbeidet. Faste styremedlemmer får i tillegg fast godtgjering på kr 5.000,- pr. år. Kostnadane til styret vert dekt frå omstillingsmidlane. Blir lagt fram som sak for kommunestyret.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 der det for næring og reiseliv heiter; Sikre og styrke eksisterande arbeidsplassar og legge til rette for etablering av nye.
Styret for omstillingsarbeidet har alt hatt sine første møte og det er vanleg frå tilsvarande prosjekt frå andre kommunar at dei som deltek i dette styrearbeidet og som ikkje har det som del av sitt arbeid får ei godtgjering. Styret har sjølv vurdert arbeidsomfanget og legg her fram sitt forslag. Godtgjeringa til styret skal vere godkjent av kommunestyret.

Konklusjon:
Kommunestyret følgjer tilrådinga frå styret for omstillingsarbeidet i kommunen.

Innstilling frå rådmannen:

Medlemer av styret for strategi- og utviklingsfasen, og omstillingsstyret blir honorert på same måte som ved deltaking i politiske møte i Fyresdal kommune. For ordførar og offentleg tilsette går dette arbeidet inn som ein del av det ordinære arbeidet. Faste styremedlemmer får i tillegg fast godtgjering på kr 5.000,- pr. år. Kostnadane til styret vert dekt frå omstillingsmidlane.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2017/1131-1
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 21.08.2017

Saksframlegg

Psykologer i Vest-Telemark

Utval	Utvalssak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	10/17	05.09.2017
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	30/17	28.09.2017
Kommunestyret	43/17	26.10.2017

Sakshandsamar samhandlingskoordinator Sissel Jacobsen Bitustøyl

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret.

Dokument i saka:
- Meld. St. 26 (2014–2015) Fremtidens primærhelsetjeneste, HOD
- Prosjektrapport psykolog Gøril Bothner Kanstad
- Rapport 15 -1565 - Psykologer i kommunene - barrierer og tiltak for økt rekruttering – Helsedirektoratet
- NAPHA (Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid): Psykolog i kommunen – en medspiller - rapport nr 1/2016
- Søknad om midlar til psykolog i kommunane - Helsedirektoratet

Bakgrunn for saka:
Arbeids- og styringsgruppa for samhandling i Vest-Telemark har gitt samhandlingskoordinator i oppgåve å sjå på meir samarbeid innan psykisk helse og rus. Det er nedsett ei arbeidsgruppe i VT med representantar frå alle kommunane.

Psykisk helse og rus er satsingsområder både frå regjering, HSØ og Sykehuset Telemark HF.

Eit av tema for arbeidsgruppa var kring samarbeid om psykologressursar. Det kjem eit lovkrav frå 2020 om plikt for kommunane til å ha psykologkompetanse. Staten har difor etablert ei tilskotsordning for tilsetting av psykologar i kommunane med kr. 400 000 pr. psykolog før 2020.

Arbeidsgruppa i VT har sett på 2 ulike modellar for eit samarbeid:
1: 2 barne- og ungdomspsykologar:
- Vinje, Tokke og Fyresdal deler 1 barne- og ungdomspsykolog
- Seljord, Kviteseid og Nissedal deler 1 barne- og ungdomspsykolog

2: 1 klinisk psykolog og 1 barne- og ungdomspsykolog fordelt på alle 6 kommunane

Vurdering:
Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for helse og omsorg der det heiter; Innbyggjarane skal oppleve heilskaplege helse og omsorgstenester, gjennom utstrekt fagleg samarbeid.

Vi sette dei 2 modellane opp mot kvarandre med fordeler og ulemper.
- Tid og reiseavstandar for psykologen
- Behov for kontorplassar
- Samarbeid med andre faggrupper i kommunane m.m.

I anbefalingar frå NAPHA (Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid) anbefaler ein at psykologen ikkje bør ha for stort arbeidsfelt, men at ein bør anten satse innanfor vaksengruppa eller barn- og ungegruppa.

Eit sterkt nasjonalt fokus og fokus frå arbeidsgruppa i VT er at psykologane må ha eit tett samarbeid med andre innan helsesektoren i kommunane. Kontorplassering av psykologane er difor eit viktig tema.

Det har tidlegare vore eit forsøk med felles kommunepsykolog i VT innan barn og unge. Dette samarbeidet blei avslutta etter prosjektperioden. Det var ulike erfaringar med dette både frå psykologen og kommunane. Å ha eit så stort arbeidsfelt, dårleg forankring, mange kommunar å forhalde seg til og økonomi var nok ein av årsakene til at dette det ikkje blei vidareført.

Økonomi
Tilskotet frå Helsedirektoratet er på kr 400 000 pr. psykolog.
Minstelønn psykologar etter 2016 oppgjøret:

Psykolog utan spesialitet	kr. 440 000
1. – 2. år av spesialisering:	kr. 467 000
3. – 4. år av spesialisering:	kr. 487 000
5. - > år av spesialisering:	kr. 512 000
Psykologspesialist	kr. 684 200

I tillegg kjem faste utgifter ca 100 000. Mellomlegget frå 400` til full løn med faste utgifter må kommunane dekkje sjølv i perioden fram til 2020.

Konklusjon:
På bakgrunn av føringar frå Direktoratet og erfaringsgrunnlag frå samarbeide med BUP og UPS, ser vi at større og meir komplekse oppgåver, i høve til barn og unge, har blitt kommunens ansvar. Vi meiner difor at ein bør prioritere psykologkompetanse mot barn og unge. Tidleg innsats og rask avklaring vil òg ha ein viktig førebyggande effekt. Ein har i dag ganske gode ressursar innanfor vaksenpsykiatrien og ein ser føremon i å hjelpe barn som sliter psykisk.

Psykologen bør ha klinisk tverrfagleg fokus:
Eit lågterskeltilbod, som kan gis utan henvising, som er gratis, har kort ventetid, er lett tilgjengeleg og har fokus på korttidsterapi, råd og veileiing.
- Behandling, utredning og kartlegging av pasientar (evt. for vidare søknad til spesialisthelsetenesta)
- Veiledning og samarbeid med tverrfaglege team i kommunane
- Førebygging (undervisning skule og barnehagar)

Anbefalingar om at psykologen bør ha kontor saman med dei andre i tverrfaglig team i kommunane, slik som helsesyster, lege og psykisk helse bør ein etterkomme.

Av modellane har ein valt at 3 og 3 kommunar delar på ein barnepsykolog 0-20 år kvar. Bakgrunn er at det blir mindre reisetid på psykologen og færre tilsette å forhalde seg til.

Fordeling av ressursar og økonomi rundt psykologstillinga kan ein gjere etter tal på barn i aldersgruppa i kommunane. Ein bør òg ta høgde for at 3 av kommunane i samarbeidet har vidaregåande skular i sine kommunar, der mange elevar bur utanfor heimen. Ressursen til kvar kommune bør vera noko fast og noko etter behov. Psykologen bør vera administrativt forankra i ein av kommunane i eit interkommunalt samarbeid.

Då alle kommunane i landet innan 2020 er plikta til å ha psykologkompetanse, bør ein setje i gang med rekrutteringa allereie i haust og søkje midlar frå Helsedirektoratet for kvar av stillingane. Det bør vera ei tydeleg avgrensing og bestilling frå kommunane når ein lyser ut og tilsett psykologar. Ein bør ha som mål å tilsette tidleg på nyåret.

Innstilling frå rådmannen:

Kommunane søkjer om tilskot frå Helsedirektoratet
- Det blir lyst ut etter 2 psykologar fordelt på:
  - Seljord, Kviteseid og Nissedal
  - Vinje, Tokke og Fyresdal
- Rådmennene i VT blir samde om plassering av psykologen administrativt og fordeling av psykologressursen pr. kommune
- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen.

Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 05.09.2017

Kommunane søkjer om tilskot frå Helsedirektoratet
- Det blir lyst ut etter 2 psykologar fordelt på:
  - Seljord, Kviteseid og Nissedal
  - Vinje, Tokke og Fyresdal
- Rådmennene i VT blir samde om plassering av psykologen administrativt og fordeling av psykologressursen pr. kommune
- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 28.09.2017

Kommunane søkjer om tilskot frå Helsedirektoratet
- Det blir lyst ut etter 2 psykologar fordelt på:
  - Seljord, Kviteseid og Nissedal
  - Vinje, Tokke og Fyresdal
- Rådmennene i VT blir samde om plassering av psykologen administrativt og fordeling av psykologressursen pr. kommune
- Det blir sett av kontor i kvar kommune til psykologen.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann

Fyresdal kommune

Arkiv: U63
Saksmappe: 2017/1175-5
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 14.09.2017

Saksframlegg

Utviding av skjenkeområdet - Roan Kroa

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	44/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:
Søknad frå Skræi AS om utviding av skjenkeområdet.
Kommunestyresak 65/16 – vedtak om skjenkeløyve.

Bakgrunn for saka:
Etter at Skræi AS fekk tildela skjenkeløyve i fjor har Roan Kroa utvida sine lokaler med å opprette eit konsertlokale i verkstaddelen og i samband med dette ynskjer dei nå å utvide skjenkeområdet til også å gjelde denne delen, Halvards Verkstad. Dei ynskjer også å utvide skjenketida utover tidlegare søknad.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020: Sikre nåverande nivå på service- og handelsverksemder, stimulere til vidareutvikling for dess, og til etablering av nye.

Roan Kroa har ved fleire høve i sommar og haust arrangera konsertar i lokala, kalla Halvards Verkstad. Då skjenkeløyve verksemda fekk hausten 2016 ikkje omfattar desse lokala har dei søkt og fått tildela løyve for denne delen administrativt ved kvart enkelt høve.
Dette skaper mykje unødig arbeid for både søkjar og Fyresdal kommune.

Søkjar har vist i desse høva at utvidinga av skjenkeområda fungerar greitt og i tråd med lovverket.

Når det gjeld utvidinga av skjenketida dei søkjer om er dette innafor tida som ligg i alkoholpolitiske retningsliner for Fyresdal kommune og i tråd med løyvetildelinga frå kommunestyret i september 2016.

Konklusjon:
Søknaden om utvida skjenkeområde til også å gjelde konsertlokale, Hallvard Verkstad, bør innvilgast.

Innstilling frå rådmannen:

Skræi AS får utvida skjenkeområdet på Roan Kroa til også å gjelde konsertlokale, Hallvards Verkstad, med maksimalt 120 sitteplassar.
Skjenketida må vere innanfor tidsrommet som er fastsett i alkoholpolitiske retningsliner for Fyresdal kommune.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Kjersti Bergland
	kommunalsjef økonomi og fellestenester

Fyresdal kommune

Arkiv: U63
Saksmappe: 2017/1175-6
Saksbeh.: Edvard Nesland
Dato: 10.10.2017

Saksframlegg

Utvidelse av området for serveringsløyve - Skræi A/S, Hauggrend

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg	38/17	12.10.2017
Kommunestyret	45/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Vedlegg og dokument i saka:
- Søknad om utvida område for serveringsløyve for Skræi A/S, Roankroa.

Bakgrunn for saka:
I sak 2016/980 fekk Skræi A/S, som drivar av Roankroa i Hauggrend, innvilga søknaden om serveringsløyve av OKO-utvalet. Dagleg leiar Robin Stellwagen Seljevold tok seinare autorisasjonseksamen som løyveinnehavar. Løyvet blei geografisk avgrensa til 37 innandørs og 36 utandørs sitjeplassar, knytt til den gamle butikk/kontor-delen for Halvards Verkstad.

Dert er nå innreidd konsertlokale i verkstaddelen i Halvards Verkstad, og dei har allereie hatt fleire godt besøkte konsertar med kjente artistar. Dei har søkt om utvidelse av både skjenke- og serveringsløyvet til å omfatte denne bygningen også. Sak om skjenkeløyve må handsamast av kommunestyret, som får eige sag. Serveringsløyvet er delegert til OKO-utvalet.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020: Sikre nåverande nivå på service- og handelsverksemder, stimulere til utvikling av desse, og til etablering av nye.

Skræi A/S har det siste året utvikla Roankroa til å bli meir enn ein serveringsstad, ved at den tidlegare verkstaden er innreidd som konsertlokale kalla Halvards Verkstad. Det er i løpet av sommaren og hausten blitt arrangert fleire konsertar med kjente artistar, med godt publikumsbesøk. Dette er svært positivt for kommunen, og særleg for Hauggrendsamfunnet. I tillegg er det ei positiv tilleggsattraktivitet for selskapet som satsar på servering av mat og drikke på Roankroa, og for campingplassen like ved.

Det er naturleg å kunne tilby matservering også i dette lokalet, som ligg tett opp til Roankroa. Lokalet har oppvarming og avtrekksvifte, har grunnflate på 119 m² og 6 m. takhøgde. Søkjaren ynskjer å nytte lokalet til dans, konsertar, underhaldning og liknande arrangement, samt private tilstellingar.

I søknaden er det ynskt opningstider frå kl. 0600 til kl. 2400 måndag-torsdag, 0600 – 0200 fredag., 0800 – 0200 laurdag, og 0800 – 2400 på søndag. I "Forskrift om opnings- og stengetider for serveringsstader, Fyresdal kommune, Telemark – FOR-2012-03-29-291, som kom i kraft frå 29.06.2012, står det:

Opningstider blir då som fylgjer:

- *Serveringsstader innan Fyresdal kommune skal vera stengde måndag tom sundag frå kl. 02.00 til kl. 07.00.*

Dette er også det som blei lagt til grunn ved serveringsløyvet som blei gitt 01.09.2016.

Sidan forskrifta er klar, og ikkje kan dispenserast frå generelt, og det ikkje er lagt fram gode argument for at det er viktig å ha ope mellom kl. 0600 og 0700, vil det vere naturleg å gi positivt svar på søknaden om utvida geografisk område, men innanfor tidsgrensene som er heimla i forskrifta.

Konklusjon:
Det er positivt at Skræi A/S også har stor aktivitet i verkstadlokalet som nå er ombygd til konsertlokale, og det er naturleg å utvide serveringsløyvet frå 01.09.2016 til også å omfatte dette lokalet. Verksemda må likevel halde seg innanfor bestemmelsen i den forskrifta, og får ikkje løyve til servering i tidsrommet mellom kl. 0600 og 0700.

Innstilling frå rådmannen:

Det er positivt at Skræi A/S også har stor aktivitet i verkstadlokalet som nå er ombygd til konsertlokale. Verksemda får utvida serveringsløyvet frå 01.09.2016 til også å omfatte verkstadlokalet kalla Halvards Verkstad. Verksemda må likevel halde seg innanfor bestemmelsen i forskrifta om opnings- og stengetider for serveringsstader i kommunen, og får difor ikkje løyve til servering i tidsrommet mellom kl. 0600 og 0700.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Endringsframlegg frå OKO-utvalet:

OKO-utvalet ynskjer å innfri søknaden om opningstid i høve søknad og ber kommunestyret endre forskrift i høve til dette.
Samrøystes

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 12.10.2017

Det er positivt at Skræi A/S også har stor aktivitet i verkstadlokalet som nå er ombygd til konsertlokale. Verksemda får utvida serveringsløyvet frå 01.09.2016 til også å omfatte verkstadlokalet kalla Halvards Verkstad.

OKO-utvalet ynskjer å innfri søknaden om opningstid i høve søknad og ber kommunestyret endre forskrifta i høve til dette.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Edvard Nesland
	næringssjef

Kjersti Bergland
Kommunalsjef økonomi og fellestenester
Fyresdal Kommune 31.08.2017
Via epost

Skræi AS, org nr 817290132, søker med dette om godkjenning av utvidelse av servering og skjenkeløyve til å inkludere tilknyttet innendørs areal tidligere kjent som Halvards Verkstad. Rommet er vegg i –vegg med eksisterende kafe / restaurant og benyttes som konsertlokale. Vi ønsker å ha faste arrangement i dette nye lokalet som vil inkludere dans, konsert, underholdning og andre typer arrangement inkludert private tilstelninger.

Halvards Verkstad er konstruert med Leca stein i vegg med stålbjelker som ramme. Gulvet er av betong. Rommet er oppvarmet og har avtrekksvifte. Rommets størrelse er 12,4 meter i dybde, 9,6 meter i bredde og ca 6 meter i høyde.

Vi søker samtidig om nye åpningstider for servering fra klokka 0600 til 2400 man-tor, 0600 til 0200 fredag, 0800 til 0200 lørdag og 0800 til 2400 på søndag. Nye skjenketider søkes om å få utvidet til: 1100 til 2400 man-tor, 1100 til 0200 fre-lør og 1100 til 24 på søndag.

Skræi AS har serveringsløyve og skjenkeløyve i dag for Roan Kroa Gastropub. Daglig leder er Robin Stellwagen Seljevold. Robin har de nødvendige godkjennelser (se vedlegg).

Antall nye sitteplasser vil være maksimum 120.

Ved tilstelninger benytter selskapet godkjente vakter og ekstra betjening tilpasset behov og iht gjeldende krav. Det er 3 toaletter i bygningen som viser seg å dekke behov selv ved fullsatte lokaler.

Dersom det er behov for ytterligere informasjon så vennligst ta kontakt med undertegnede.

Mvh

Bjørn Veum Seljevold



Styreleder

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2017/1234-1
Saksbeh.: Ketil O. Kiland
Dato: 14.09.2017

Saksframlegg

Oppstart av ny verksemd i IKM-bygget

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	25/17	04.10.2017
Kommunestyret	46/17	26.10.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har:
Kommunestyret.

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:
Som del av nedlegginga av IKM si verksemd i kommunen og trugslane om nedlegging av skogsleiren søkte Fyresdal kommune om å bli omstillingskommune. Søknaden vart imøtekomen og kommunen fekk 1,5 mill. kr i året for perioden 2017-2019 med høve til å fornye prosjektet med tre nye år. Omstillingsstyret er sett saman, Fyresdal kommune har kjøpt IKM-bygget med alt innbu som og omhandlar maskineringsutstyr.
Omstillingsstyret har tilsett prosjektleiar og har leigd inn konsulent ut året der den siste arbeider heile si tid med å få til ny verksemd i IKM bygget.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 der det heiter; Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.

For å få aktivitet i bygget er det vurdert som nødvendig å få stifta eit driftsselskap. Eit selskap samansett av investorar og kompetanse. Eit selskap under etablering vil og kunne vere ein søkjar i verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge som girt lån og tilskot og andre fond der det kan søkjast om tilskot. Normalt vil ein kunne få ulik offentleg støtte, men det betingar gjerne at det etablert selskapet har ein eigenkapital på omlag 50% av søknadssummen.

Fyresdal kommune sin del i prosjektet vil vere å stille bygningsmassa til disposisjon for det nye selskapet. Erfaringar med dette har vi frå før av, sist frå utleige av bygg til Telemarksrøye AS. Erfaringane frå oppbygging av Telemarksrøye AS kan direkte nyttast inn i dette prosjektet, sjølv om både kompetanse og produkt er svært ulik.

Aksjeselskapet er tenkt etablert slik:

Albert Buer	25%
Rune Pettersen	25%
Finn Skjåvik	25%
Fyresdal kommune	25%

Sum aksjekapital kr 100.000,-.
Albert Andrè Buer er aksjonær i selskapet OIW Process AS (OIW) der han gjennom selskapet Emvi AS eig 61,7%. OIW held til i forskningsparken i Porsgrunn og er rådgjevande ingeniørarm i maskinteknikk, og teknikk. OIW eig så vidare 60% av aksjane i selskapet Norsep AS som er under utvikling for testing av teknologi for handsaming av flygeaske.
Intensjonen er at delar av denne teknikken ved produksjon kan gjerast i Fyresdal.
OIW har saman med Shell utvikla eit testsystem for trykk sikkerhets ventilar. Ein del av denne marknaden er tiltenkt shipping og kan produserast i Fyresdal.
Albert Buer er og medeigar med mindre aksjepostar i fleire andre selskap.

Rune Pettersen er for tida tilsett i omstillingskommuneprosjektet. Han kjenner i sær shippingmiljøet godt og vil arbeide aktivt med å få inn investorar til selskapet som er tenkt etablert i Fyresdal. Det er ein føresetnad at omstillingsstyret følgjer etableringa tett og følgjer opp i den vidare satsinga. Dette fører bla. at prosjektleiaren i omstillingsprosjektet og prioriterer prosjektet og følgjer det opp med mellom anna søknader om offentlege tilskot.

Finn Skjåvik kjem frå Mac Gregor som var kjøpar av Porsgrunn Steering Gear der Sjåvik arbeidd før oppkjøpet. Finn har særskilt kompetansde innan maskinering og ventilsystem.

Først og fremst er det monteringsarbeid som er tenkt for Fyresdal. Komponentar som er lette å flytte på, men det er og kontaktar som kan vere aktuelle for maskinering. Pettersen arbeider difor med fleire parallelle løp for at verksemda skal få fleire bein å stå på der Rui Grinderensk AS er aktuell for eit samarbeid der det nye selskapet i Fyresdal kan stå for produksjon og sal.

Fyresdal kommune har ikkje som vane å gå inn som akjsnær i selskap, men har gjort det så som i Telemarksrøye AS. Intensjonen kan her vere å gå inn i selskapet for å vere med på å etablere selskapet, men trekke seg ut att om framtidige aksjonærar ynskjer det. Det viktigast for kommune er ikkje å sitje på eigarsida, men å etablere arbeidsplassar.

Det arbeidast nå med det juridiske for å sikre gode avtaler i høve til at produksjon både på kort og lang sikti leggast til Fyresdal og ikkje bare forsvinn ut att om aksjonærsamansetningen endrar seg.

Konklusjon:
Fyresdal kommune deltek i stifting av nytt selskap for drift i IKM-bygget med tilstøytande bygg. Fyresdal går inn med 25.000 kr i aksjekapital under føresetnad av at Rune Pettersen, Albert André Buer og Finn Sjåstad gjer like så. Ordføraren får fullmakt til å stifte selskapet og er kommunen sin representant i styret. Styret konstituerer seg sjølv.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er med på å etablere nytt selskap for drift i IKM-bygget med tilstøytande bygg. Fyresdal går inn med 25.000 kr i aksjekapital som utgjer 25% eigardel under føresetnad av at Rune Pettersen, Albert André Buer og Finn Sjåstad gjer like så. Sum aksjekapital kr 100.000,-. Ordføraren får fullmakt til å stifte selskapet og er kommunen sin representant i styret. Styret konstituerer seg sjølv.
Fyresdal kommune sin del av aksjekapitalen kr 25.000,- blir finansiert via næringsfondet.

Handsaming i Formannskap - 04.10.2017

Framlegg frå ordføraren:
Fyresdal kommune er med på å etablere nytt selskap for drift i IKM-bygget med tilstøytande bygg. Fyresdal går inn med maksimalt 25.000 kr i aksjekapital. Ordføraren får fullmakt til å stifte selskapet og er kommunen sin representant i styret. Styret konstituerer seg sjølv.
Fyresdal kommune sin del av aksjekapitalen kr 25.000,- blir finansiert via næringsfondet.
Forutsett kommunestyret si godkjenning.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå ordføraren.

Vedtak i Formannskap - 04.10.2017

Fyresdal kommune er med på å etablere nytt selskap for drift i IKM-bygget med tilstøytande bygg. Fyresdal går inn med maksimalt 25.000 kr i aksjekapital. Ordføraren får fullmakt til å stifte selskapet og er kommunen sin representant i styret. Styret konstituerer seg sjølv.
Fyresdal kommune sin del av aksjekapitalen kr 25.000,- blir finansiert via næringsfondet.
Forutsett kommunestyret si godkjenning.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann